



Årsrapport 2018

FRAM

Fylkesrådmannen har ordet



Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik. Foto:
Terje Aamodt

På vei inn i det nye regionale terrenget

I 2018 leverte vi tenester til alle som bur og jobbar i Møre og Romsdal, kvar dag!

Visste du at våre tannlegar sa "gap opp" og behandla meir enn 72 000 pasientar dette året?

At rekordhøge 87 prosent av elevane gjennomførte skoleåret? At vi stod for over 20 millionar kollektivereiser og vi gav kunst og kulturopplevingar til 54 000 elevar?

Vi har jobba med samfunnsutvikling: Vi vann Samferdselsdepartementet sin konkurranse om smartare transport og fekk støtte frå Innovasjon Norge til å finne nye løysingar for bygging og vedlikehald av bruer. Vi inngikk nye ferjekontraktar som gjer at vi framover vil redusere om lag 36 000 tonn CO² årleg. Vi fekk 14 millionar kroner frå EU for å utvikle gründertenesta i samarbeid med seks andre land. Vi starta opp i ei stor kultursatsing som skal bygge næring av kulturarva vår.

Eit kjenneteikn på utviklingsarbeidet er at vi nettopp tenker som ein gründer og spør oss sjølve: Korleis løyser vi denne og andre utfordringar? Eit anna kjenneteikn er samarbeid. For å utvikle regionen, har vi samarbeidd med kommunar, næringsliv, andre offentlege etatar og lag og organisasjonar, i ulike konstellasjonar.

Og det er i samarbeid med andre at ei krone blir til tre. Til dømes løyvde vi 23,6 mill. kroner frå Byutviklingsfondet til konkrete prosjekt i Ålesund, Molde og Kristiansund mot at byane sjølve bidrog med ein eigenandel. Denne tildelinga utløyste 49 mill. kroner frå andre samarbeidspartar til dei sama prosjekta.

Samarbeid er også avgjerande i det nye regionale terrenget som veks fram. Frå 2020 blir 19 fylke til 11 regionar. Medan andre fylke slår seg i hop, skal Møre og Romsdal bestå som eigen region. Korleis skal vi konsolidere oss, stå sterkt i oss sjølve? Då er

det viktigare enn nokon gong å samarbeide.

I prosjektet Møre og Romsdal som region mot 2025, har vi saman med Fylkesmannen invitert regionale statsetatar og kommunane til eit samarbeid, for å bli betre koordinert i offentleg sektor. Saman skal vi bli ein sterkare utviklingsaktør for Møre og Romsdal.

Internt har vi starta arbeidet med å tilpasse oss nye økonomiske rammer, regionreforma og nye oppgåver som Stortinget har vedtatt. I prosjektet Omstilling av organisasjonen Møre og Romsdal fylkeskommune mot 2020 skal vi modernisere, effektivisere og profesjonalisere organisasjonen. Samtidig gjer vi oss klare til å ta over nye oppgåver og ta i mot over 120 nye kollegaer frå Statens vegvesen.

I 2018 var det særleg ei sak som fanga vår, innbyggjarane, politikarane og media si merksemd, og som vekte eit ekstraordinært høgt engasjement, stor usemje og høg temperatur; Nordøyvegen.

Med 26 mot 21 stemmer vedtok Fylkestinget å halde fram arbeidet med å bygge vegar, tunnellar, bruer og skape fastlandssamband for fleire øyar i Haram og Sandøy.

Nordøyvegen er det største utbyggingsprosjektet for Møre og Romsdal fylkeskommune nokon gong. Det mest arbeidskrevjande og det mest kostnadskrevjande.

Så no løftar vi blikket. I 2019 skal vi fortsatt levere velferdstenester til innbyggjarane våre og halde fram med å utvikle dette fylket som skal bli sin eigen region, i lag med alliansane og samarbeidspartnerane våre.

Ottar Brage Guttelvik

Ottar Brage Guttelvik, fylkesrådmann

Kva for oppgåver har fylkeskommunen?

Vi kan dele inn fylkeskommunen sine oppgåver etter fire roller:

1. Demokratisk aktør

Fylkeskommunen er ein del av det norske demokratiet, der innbyggjarane i fylket kan vere med å påverke kva prioriteringar som skal gjerast for vårt område av landet. Kvart fjerde år er det val av nytt fylkesting, som har 47 representantar. Fylkestinget gjer vedtak i større og prinsipielle saker og gir rammer for alt arbeid i Møre og Romsdal fylkeskommune. Neste fylkestingsval er hausten 2019.

2. Tenesteleverandør

Vi skal levere viktige velferdstenester som vidaregåande opplæring, tannhelse, kollektivtrafikk, fylkesvegar og kulturformidling.

3. Myndighetsutøvar

Vi skal forvalte mynde på vegner av staten på område som kulturminne, vassforvaltning, friluftsliv og forvaltning av naturressursar.

4. Regional utviklingsaktør

Vi skal drive samfunnsutvikling i samarbeid med andre aktørar i fylket. Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020 er fylkeskommunen sitt overordna plandokument. Her er følgande målsettingar vedtatt:

1. Gode og inkluderande lokalsamfunn og byar
2. Godt og breitt kultur- og fritidstilbod
3. God og tilstrekkeleg kompetanse
4. God konkurransekraft og nyskaping
5. Gode og samfunnsutviklande samferdselsløysingar
6. Gode oppvekst- og levekår
7. God miljømessig berekraft

Fylkesplanen - rapportering

Kva er fylkesplanen?

Fylkesplanen er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit felles prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 har tre overordna prioriteringar, tre innsatsområde og tre gjennomgåande perspektiv.



Oversikt over overordna prioriteringar,
innsatsområde og gjennomgåande perspektiv.

Innsatsområde

Innsatsområda er dei områda der fylkeskommunen har størst kompetanse og verkemidlar til å påverke den regionale utviklinga. I 2018 hadde dei tre innsatsområde kvar sine handlingsprogram. Frå 2019 er dette lagt inn i økonomiplan med budsjett.

Resultata for 2018 er omtala i årsrapporten under «Aktivitetar og resultat». I tillegg finn du ei summarisk rapportering på alle tiltaka i handlingsprogramma på nettsida om handlingsprogram.

Overordna prioriteringar

Dei tre overordna prioriteringane er område der Møre og Romsdal fylkeskommune er utfordra til å ta rolla som regional samordnar. Prioriteringane skal følgjast opp gjennom nokre større felles prosjekt og utviklast i samarbeid med regionale og lokale aktørar.

I 2018 har det vore arbeidd med fleire større utviklingsprosjekt som Møre og Romsdal mot 2025, Campus Kristiansund, Byen som regional motor, Tettstadprogrammet, Samordna klima-, areal- og transportplan for Ålesundsregionen og Verdiskapingsprogrammet «Ein bit av historia». Meir informasjon ligg under «Store prosjekt og satsingar». Også implementering av Fol-strategiane for næringslivet og kommunal sektor er viktige tiltak under prioriteringa Omstilling.

Fylkeskommunen har i 2018 fått betre kompetanse og system for arbeidet med prosjekt. Ei handbok for gjennomføring av prosjekt vart ferdigstilt og er no tatt i bruk av alle avdelingar. Det er gjennomført to kursrekker opplæring i prosjektleiing for våre tilsette.

Integrering er ei prioritering som er følgt opp både i vår tenesteproduksjon og i mindre utviklingstitak. Det har vore arbeidd med betre samordning internt og eksternt, og erfaringsdeling på tvers av forvaltningsnivå og kommunegrenser. Du kan lese meir om

fylkeskommunen sitt arbeid med integrering her.

Gjennomgåande perspektiv

Dei gjennomgåande perspektiva er nasjonalt prioriterte samfunnsomsyn som fylkeskommunen, kommunane og statsetatane, skal vurdere i alle planar og tiltak. Dette er omsyn som er med i plan- og bygningslova sin formålsparagraf.

Det er etablert ei intern arbeidsgruppe for likestilling og inkludering der alle avdelingane er representert. Arbeidsgruppa hadde i fellesskap ansvar for gjennomføring av ein fagdag om likestilling saman med kultur- og folkehelseutvalet i juni. Oppsummering med forslag til tiltak finn du under Dokument på nettsida om dei [gjennomgåande perspektiva](#).

I 2018 er handboka for oppfølging av dei gjennomgåande perspektiva i fylkesplanen oppdatert. Den er delt ut til alle tilsette og følgt opp i opplæring av nye saksbehandlarar.

Eksempel på tiltak i 2018 for å ta omsyn til barn og unge sine interesser, universell utforming og klima og miljø er:

Barn og unge

- Utarbeidd statistikknotat om Barn og unge i Møre og Romsdal.
- Kartlagt rammevilkåra for ungdomsråda i Møre og Romsdal, questback-undersøking.
- Følg opp barn og unge sine interesser i kommunale plansaker – reist motsegn til 19 planar på dette grunnlaget.
- Gjennomført VIP og VIP makkerskap for å førebygge mobbing og sosial utesetjing.
- Tre skolar har gjennomført eit pilotprosjekt med innsatsteam mot mobbing i samarbeid med læringsenteret i Stavanger.
- Etablering av formelt samarbeid mellom fleire vidaregåande skoler og NAV. Målsetning om at elevane lettare kan få tilgang til NAV sine tenester og rettleiing, gjennom at NAV er til stades på skolane.
- Har utarbeidd rutinar og samarbeidsavtaler mellom den kommunale barneverntenesta og den offentlege tannhelsetenesta for å førebygge og avdekke omsorgssvikt hos barn og unge.
- I samband med prosjektet "Ein bit Historia" er det sett i gang eit delprosjekt for å skape eit digital formidlingsunivers, med særleg fokus på å nå ut til barn og unge.
- Frå skuleåret 2018/2019 gikk vi over til eit nytt system for registrering av skoleskysslevar. Ein av mange positive konsekvensar er at elevane no får tildelt elektroniske skoleskysskort.
- Tettstadprogrammet har gjennomført tre parallelloppdrag i Elnesvågen, Sjøholt og Tingvoll der medverknad frå barn og unge har vore eit sentralt tema.
- «Hør oss!»- ungdomspolitisk konferanse.
- Fekk innvilga søkand til Erasmus+ Aktiv Ungdom-for prosjektet «Hør oss!». Det resulterte i ein medverknadskonferanse av, for og med ungdom i Molde i juni 2018.

Miljø og klima:

- 18 av 23 vidaregåande skolar, 1 av 2 fagskolar og 4 av 4 av tannhelsetenesta sine kompetanseregionar, sentraladministrasjonen og fylkesbiblioteket er miljøfyrårn-sertifisert og følger opp krava som ligg for dette.
- Nybygget på Romsdal vgs har medført ein reduksjon i energiforbruk på 12 prosent for skolen.
- Miljøkrava i dei nye ferjekontraktane gjer at fylkeskommunen har ein reduksjon på om lag 36 000 tonn CO² årleg når dei nye ferjene er i trafikk.
- ENOVA har gitt tilslagn om støtte til ladeinfrastrukturen for el- ferjer for Sulapakken, Nordmørspakken, Romsdalspakken og Indre Sunnmøre.
- Miljøkrav i nytt bussanbod i Ålesundsområdet. Anbodet blir lyst ut med krav om eit gitt tal på bussar med miljøvenleg teknologi.
- Støtta prosjektet «Blå-grønt samarbeid: Verdiskaping gjennom blå-grønne synergiar hos regionale forskningsmiljø» med 1 mill. kr.
- Etablert EØS prosjekt «Youth Employment Network for Energy Sustainability in Islands» i partnerskap med ti partnarar frå åtte europeiske land. Fokus er mellom anna entreprenørskap og grønne arbeidsplassar.

- Engasjert ungdom i klima og miljø gjennom prosjektet "Klimaarbeid på tvers med elevar som drivkraft". Arrangert fire innovasjonscampar i regi av Ungt entreprenørskap og dei tre fornybarsentra.
- Utarbeidd beredskapsplan for kartlegging og sikring av arkeologiske funn i snøfonner ved varmare klima.

Likestilling og inkludering

- På bybussane i Ålesund, Kristiansund og Molde er det innført sanntid med innvendig og utvendig opprop (skjerm og høgtalarar). Bussane i heile fylket har no universelt utforma informasjon under bussreisene.
- Herøy vgs, Romsdal vgs og Spjelkavik vgs er skilta i tråd med fylkeskommunen sin skiltmal med krav til universell utforming.
- Prosjektet «Trillevennlege turar» - morotur.no er tilrettelagt med turar som er tilgjengelege for funksjonshemma.
- Tildelt midlar til fem moglegheitsstudier for utvikling av bibliotekrommet som inkluderande møteplass.
- Arrangert konferanse i Ørsta saman med Ørsta kommune om inkluderande lokalsamfunn.
- Gjennomført prosjekt om sosialt entreprenørskap i skolen.
- Starta prosjektet «Jenter i elektro».
- Vidareutvikla tiltaket «I Ung», eit alternativt skoleår med motivasjonsaktivitetar, arbeidspraksis og trening i grunnleggande ferdighet.

Hendingar i 2018

Januar

Fjord1 AS fekk kontrakt for ferjesamband på Nordmøre

Fjord1AS fekk kontrakten for ferjesambanda Edøya – Sandvika, Arasvika – Hennset, Seivika – Tømmervåg og Kvanne.

Hovudkontrakten for Nordøyvegen er lyst ut

Det er den største innan vegbygging i Møre og Romsdal nokon sinne. Statens vegvesen bygger Nordøyvegen på oppdrag frå fylkeskommunen.

Kulturtorget 2018 blei arrangert i Molde

To dagar med musikk, scenekunst, litteratur, visuell kunst og film for tilsette i skole og kultur.

Februar

Regionale kulturinstitusjonar fekk 68 millionar kroner i driftstilskot

Kultur- og folkehelseutvalet tildelte 68 millionar kroner til regionale organisasjonar og institusjonar.

NCE iKuben fekk støtte til ny produksjonsteknikk

Fylkeskommunen løvde 350 000 kroner til eit prosjekt som skal undersøke behovet for eit regionalt senter for additiv produksjon (3D-printing).

hoppid.no fekk 15 EU-millionar

Millionane skal bidra til å utvikle gründerhjelpa, i samarbeid med seks andre europeiske land.

Mars

Fleire søker naturbruk, færre vil ha medier og kommunikasjon

3459 ungdomar søkte om skoleplass på Vg1 for skoleåret 2018/2019. Dette er 175 færre enn året før. Mindre årskull er ei forklaring på endringa.

Ja til fleire og ungdomsbedrifter

Fylkeskommunen løvde 1,19 mill. kroner til innovasjonscamp i vidaregåande skole.

1,33 mill kroner til nye Elnesvågen sentrum

Arkitektteam skal gi forslag til sentrumsutvikling i Elnesvågen. Fræna er med i Tettstadprogrammet

April

Seminar om fossilfrie anleggsmaskiner

Vi arrangerte seminar for dei som er interesserte i å teste ut fossilfrie anleggsmaskinar eller kjøretøy gratis i ein periode.

Filmom fekk bronsjemedalje

På skole-NM i Trøndelag var det konkurranse i restaurant- og matfag. Filmom Teweldemedhin frå Fræna vgs, fekk bronse.

The North West arrangert for første gong

Konferansefestivalen har ambisjonar om å skape ein arena for samfunnsutvikling og bygge ein attraktiv og bærekraftig region, med foredrag, workshops, debattar og kultur aktivitetar, fire dagar til endes.

Mai

Slutt på trykte rutehefte 1. mai

1. mai var det slutt på trykte rutehefte for buss og ferjer. All informasjon er no digital.

Samarbeid om integrering med IMDi

For første gong har fylkeskommunen og IMDi lag utarbeida ein felles handlingsplan for integreringsarbeidet i fylket.

Fleire jenter i elektrofag

Fylkeskommunen sette i gang tiltak for å få fleire jenter til å velje elektrofag. Prosjektet skal gå frå 2018-2020.

1,3 mill. kroner til landbrukstiltak

Mentorordning for bønder, traktorkurs for kvinner, avløysarkurs for nybyrjarar og nettbasert agronomkurs for vaksne var nokre av tiltaka som fekk støtte.

Juni

Fleire gjennomfører vidaregåande opplæring

Stadig fleire elevar gjennomfører og består vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal, viste tal frå SSB.

Over 81 millionar til idrettsanlegg

Kultur- og folkehelseutvalet tildelte 81,4 millionar kroner i spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i fylket. Det er ny rekordsum for Møre og Romsdal.

Støtte til Helseinnovasjonssenteret

Fylkeskommunen løvde inntil 1,5 mill. kroner til Helseinnovasjonssenteret i Kristiansund og gjekk inn som samarbeidspart.

Arrangerte Campuskonferansen 2018

Kva skal Campus Kristiansund bli best på i Noreg, kva for faglege moglegheiter har vi og kor langt har vi kome? Dette var tema på Campuskonferansen 2018, som samla over 100 deltakrar.

Juli

Ny fagskolelov

Ny fagskolelov trådde i kraft 1. juli og ga ny status for både studentar og Fagskolen i Kristiansund.

Fru Guri av Edøy: transport og musikk i same billetten

FRAM og Gurisentret samarbeidde om å kunne tilby transport og førestilling i ein og same billett. Interessa var stor.

Inviterte studentar til jazztreff

KS og fylkeskommunen inviterte studentar til jazztreff for å høyre kva som skal til for at dei skal bli verande i fylket når dei er ferdig utdanna.

August

Ekstra kapasitet på Jugendfest

Under Jugendfest vart det sett opp ekstraavgangar med hurtigbåten til Valderøya og Godøya og auka busskapasitet.

Storfint besøk på Nor-Fishing

Både kronprins Håkon Magnus og fiskeriminister Harald Tom Nesvik besøkte Møre og Romsdal sin stand på fiskerimessa Nor-Fishing i Trondheim i august.

Sterk snøsmelting avdekker arkeologiske funn i fjellet

Vi starta opp ein beredskapsplan for å kartlegge og sikre arkeologiske funn som dukkar opp i snøfonner ved sterkt snøsmelting.

September

Natalie Sandtorv og Møremusikarane presenterte lyden av Møre og Romsdal

LARM, Møremusikarane og Nathalie Sandtorv, baud på ei musikalsk nyskaping i Molde, Ålesund og Volda.

Lærlingar førebudde seg til arbeidslivet

Hundrevis av lærlingar og elev- og lærlingombodet møttest på Nordmøre, Sunnmøre og i Romsdal for å få meir informasjon om kva som ventar dei i læretida.

Opning av nye Romsdal vidaregåande skole

Med snorklipping, talar, konsert og kakefest vart det nye hovudbygget erklært for opna.

Den nasjonal BYLIVkonferansen i Ulsteinvik

Konferansen tok opp spørsmål som: Korleis kombinerer vi byliv, arbeidsliv og kvardagsliv i sentrum? Korleis skape gode lokalsamfunn gjennom målbevisst næringsutvikling? I samarbeid med BYLIVsenteret.

Oktobe

Kven er den dyktigaste lærlingen i fylket?

Fylkeskommunen inviterte til kåring av 'Årets lærling' for første gong.

Fylkesstatistikken melder om lågare vekst og færre fødslar

Den generelle tendensen var lågare vekst i folketalet.

Klimasamling for å redusere utslepp av klimagassar

Vi tilbaud kommunane starthjelp til å kome i gang med oppfølging av Parisavtalen.

November

Fylkespolitikarane er positive til regjeringsforslag om nye oppgåver

Men dei forventar meir, heiter det i ein uttale frå fylkesutvalet.

Ungdommens fylkesting kåra Ulstein kommune til årets ungdomskommune

80 ungdommar frå heile fylket kåra Ulstein til årets ungdomskommune i Møre og Romsdal. Det var totalt fire kommunar som kjempa om tittelen: Surnadal, Skodje, Nesset og Ulstein.

Kontaktlaus betaling i bussane

Frå november kunne passasjerar betale kontaktlaust med bankkort i alle bussane til FRAM.

Fylkeseldrekonferansen

Med slagordet 'Aktiv alderdom - leve heile livet' inviterte Fylkeseldrerådet i Møre og Romsdal, Norsk pensjonistforbund - Møre og Romsdal og Nasjonalforeningen for folkehelsen til fylkeseldrekonferansen.

Desember

Sunnmøre fekk traineeordning

Fylkeskommunen løvde 1,22 mill. kroner til Næringsforeininga Ålesundsregionen til utvikling av «Trainee på Sunnmøre»

1001 søkerar fekk lærepass

I 2018 vart det inngått 106 fleire lærekontraktar enn i 2017.

Vedtok Nordøyvegen

Med 26 mot 21 stemmer vedtok Fylkestinget tysdag å inngå kontrakt K5 for bygging av vegar, bruer, sjøfyllingar og tunnelar, og dermed halde fram arbeidet med å bygge Nordøyvegen. Fylkestinget vedtok å gjennomføre bygging av Nordøyvegen innanfor ein kostnad på 5,1 mrd kroner.

Prisar og stipend

Årets bedrift

Fylkesprisen Årets Bedrift vart tildelt Volda Maskin. –Selskapet tek eit tydeleg samfunnsansvar gjennom å satse på lærlingar, fagleg utvikling og støtte til frivillig arbeid. Vi er imponert over kva dei har fått til, sa leiar av regional- og næringsutvalet, Runar Vestheim under utdelinga av prisen. [Her kan du sjå intervju med Volda maskin etter prisutdelinga.](#)

Trafikktryggingsprisen

Trafikktryggingsprisen 2018 gjekk til Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) ved Bjerkelund skole i Kristiansund kommune. –Dei har sett søkelyset på den svært utfordrande og utsigge trafikksituasjonen rundt skolen, og engasjementet deira har vore avgjerande for at dei fysiske tiltaka no er på plass , sa Iver Nordseth, leiar i trafikktryggingsutvalet i fylket. [Her ser du intervju med Linda Odde Godø etter prisutdelinga.](#)

Likestillingsprisen

I 2018 vart prisen tildelt Bygdepride i Ørsta og Volda. 10.-13. mai 2018 vart det for første gong arrangert eit Pride-arrangement i Ørsta og Volda. Arrangementet hadde stor oppslutning med om lag 5000 personar. [Du kan sjå intervju med styreleiar Anbjørn Steinhom Frislid her.](#)

Årets ungdomskommune

Ulstein kommune vart kåra til årets ungdomskommune under Ungdommens fylkesting i november. Kommunen har utmerka seg med særskilte tiltak som ikkje berre gagnar ungdom, men heile lokalbefolkinga. Ulstein kommune har eit svært godt fungerande ungdomsråd som ofte blir tatt med under planlegging og tilrettelegging. [Her kan du sjå intervju med Henrikke Antonsen og Erica Solhjem frå Ulstein ungdomsråd.](#)

Miljøprisen

–Miljø og klima er viktig for oss og har vore ein raud tråd i alt vi held på med, sa ein glad og overraska dagleg leiar Rannveig Nyheim då tildelinga av miljøprisen vart kjent. –Sødahlhuset er eit godt eksempel på korleis det er mogleg å drive næring basert på berekraftprinsipp, seier leiar for regional- og næringsutvalet, Runar Vestheim. [Her kan du sjå opptak frå prisutdelinga](#)

Fylkeskulturprisen

I 2018 gjekk prisen til Smøla janitsjar. I grunngjevinga stod det at Smøla Janitsjarorkester kan vise både til eit sterkt lokalt og regionalt engasjement og at dei er ein viktig kulturbærar for regionen. Dei markerer seg kvart år under arrangementet «Smølabonan» i Kristiansund. Då sett Smøla sitt preg på heile Kristiansund, og orkesteret toppar arrangementet med konsert i Braathallen. Her engasjerer dei artistar frå heile nordmøre og artistar med nordmørske røter. [Her kan du sjå film frå utdelinga under fylkestinget i desember](#)

Stipend

Kunstnarstipend

Namn	Kommune/stad	Sum
Ane Vik Eines	Mjosundet	200 000
Ine Harrang	Molde	50 000
Jon Arne Mogstad	Surnadal	50 000
Joakim Hunnes	Ålesund	80 000
Åshild Moldskred	Måndalen	30 000
Jorunn Marie Kvernberg	Volda	80 000
Øyvind Weiset	Halsa	30 000
Jan Otto Ertesvåg	Ålesund	80 000

Husflid og tradisjonshandverk

Namn	Kommune	Sum
Ståle Johan Aklestad	Molde	50 000
Karin Augusta Nogva	Ålesund	45 000

Idrettsstipend

Namn	Kommune	Sum
Silje Knutsen Kippernes	Kristiansund	40 000
IL Braatt	Kristiansund	10 000
Toralv Opsal	Ulstein	40 000
Dimna IL	Ulstein	10 000
Vestnes-Varfjell IL	Vestnes	50 000

Reisestipend profesjonelle kunstnarar

Namn	Kommune	Sum
Karin Augusta Nogva	Ålesund	45 000
Elida Brenna Linge	Valldal	25 000
Bjørn Vatne	Ålesund	15 000
Rune Tafjord	Ålesund	15 000

Årsmelding

Signert årsmelding

Driftsresultat

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2018 eit positivt netto driftsresultat korrigert for bundne fond på 37,9 mill. kroner (tabell 1). Dette er ein auke 52,2 mill. kroner samanlikna med rekneskapet for 2017. Dette skyldas i hovudsak at Møre og Romsdal fylkeskommune fekk ein auke i spesielt skatteinntektene og statlege overføringer, medan auken i driftsutgiftene har vore meir moderat.

(i 1000 kroner)	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Endring 2017-2018
Driftsinntekter	5 441 731	5 224 732	216 999
Driftsutgifter (inkl. avskrivningar)	5 372 040	5 228 879	143 161
Brutto driftsresultat	69 691	-4 147	73 838
Netto finansutgifter	-283 088	-259 133	-23 955
Motpost avskrivningar	278 866	255 752	23 114
Netto driftsresultat	65 469	-7 528	72 997
Netto bruk av bundne fond	-27 548	-6 747	-20 801
Netto driftsresultat korrigert for bundne fond	37 921	-14 275	52 196
i prosent	0,7 %	-0,3 %	

Tabell 1

Eit positivt netto driftsresultat viser at fylkeskommunen sine løpende utgifter er mindre enn dei løpende inntektene. Fylkeskommunen har ei målsetjing om å auke netto driftsresultat til om lag 2 prosent i løpet av den neste 4-års periode for å bygge opp reserver for auken i investeringar som ein veit kjem i denne perioden.

Meir-/ mindreforbruk i forhold til budsjett

Meir-/mindreforbruk i forhold til budsjett (rekneskapsmessig resultat) er netto driftsresultat, fråtrekt netto avsetjingar (tabell 2). Sidan budsjettet er sett opp i balanse, er det rekneskapsmessige resultatet lik summen av alle avvik mellom budsjett og rekneskap.

(i 1000 kroner)	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Endring 2017-2018
Netto driftsresultat	65 469	-7 528	72 997
Netto avsetjingar	-25 734	141 384	-167 118
Rekneskapsmessig mindreforbruk	39 735	133 856	-94 121

Tabell 2

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i 2018 eit samla mindreforbruk på 39,7 mill. kroner i forhold til budsjett. Dette er 94,1 mill. kroner mindre enn i 2017.

Dei største avvika i forhold til budsjett kan ein sjå i Skjema 1A i Årsrekneskapet 2018 for Møre og Romsdal Fylkeskommune. Tabell 3 viser eit samandrag av dei største avvika.

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik (B - R)	Rekneskap 2017
Skatteinntekter	1 529 781	1 499 800	-29 981	1 457 791
Rammetilskot	2 598 028	2 614 000	15 972	2 568 004
Andre direkte eller indirekte skattar	9 494	9 200	-294	9 018
Andre generelle statstilskot	54 141	49 583	-4 558	13 876
Generelle overføringer frå andre	7 013	5 000	-2 013	5 813
Sum frie disponibele inntekter	4 198 457	4 177 583	-20 874	4 054 502
Netto finansutgifter	-286 275	-294 854	-8 579	-262 256
Overføringer til investeringsrekneskapen	-11 400	-11 400	0	-10 799
Netto avsetjingar	18 906	18 906	0	164 746
Ufordelte utgifter/inntekter	20 890	35 981	15 091	-2 567
Frie inntekter til bruk på rammeområda	3 940 578	3 926 216	-14 362	3 943 626
Sum fordelt rammeområda (skjema 1B)	3 900 843	3 926 216	25 373	3 809 770
Sum budsjettavvik (mindreforbruk)	39 735	0	-39 735	133 856

Tabell 3

Nedanfor er dei største avvika mellom budsjett og rekneskap på skjema 1A kommentert.

Frie disponibele inntekter

Sum frie disponibele inntekter er i 2018 inntektsført med 4 198,5 mill. kroner, som er 20,9 mill. kroner meir enn budsjettet og 144,0 mill. kroner meir enn rekneskapet i 2017.

Skatteinntektene var på 1 529,8 mill. kroner. Det er ein vekst på 4,9 prosent frå året før, og 30,0 mill. kroner meir enn budsjettet.

Rammetilskotet var på 2 598 mill. kroner inkl. skatteutjamninga. Det er ein vekst på 1,2 prosent frå året før, men 15,9 mill. kroner mindre enn budsjettet. Mindreinntekta i samanheng med budsjett skyldast i hovudsak at skatteutjamninga som var lågare enn forvente.

Netto finansutgifter

Netto finansutgifter var på 286,3 mill. kroner, dvs. ei mindreutgift på 8,6 mill. kroner samanlikna mot budsjettet. Mindreutgifta skyldast ei kombinasjon av høgare renteinntekter som følgje av betre likviditet enn føresett i budsjettet, noko lågare rentenivå på lån og ei negativ avkastning på kapitalfondet på 0,5 mill. grunna dårlig utvikling i aksjemarknaden i desember.

Ufordelte utgifter/inntekter

For 2018 fekk fylkeskommunen ei meirutgift på 15,1 mill. kroner knytt til premieavviket i forhold til budsjettet. Fylkeskommunen budsjetterer premieavviket etter oppgåver frå Statens pensjonskasse og KLP, og har ingen mogelegheit verken til å påverke eller

på førehand sjå avvik i forhold til budsjett.

Budsjettavvik på rammeområda

Fylkestinget har fordelt disponible frie inntekter på ti fylkestingsrammer utanom reservepost. Driftsbudsjettet blir vedtatt som nettorammer, og hovudutvala kan omdisponere mellom sine utvalsrammer. I resultatet for rammeområda inngår bruk av driftsmidler til investeringar, bruk av avsetjingar frå tidlegare år og avsetjingar i året til bundne fond.

Netto utgifter på driftsrammene var samla 3 900,8 mill. kroner, som er 25,4 mill. kroner lågare enn budsjettet (sjå tabell 4). Driftsrammene har auka med 91,1 mill. kroner (2,4 prosent) frå 2017.

Driftsrammer

	(i 1000 kroner)	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik (B - R)	Rekneskap 2017
D01	Fellesutgifter og utgifter til fordeling	59 133	69 705	10 572	42 701
D02	Politisk verksemد	25 959	28 595	2 636	27 169
D03	Stabsfunksjonar	132 840	141 668	8 828	86 729
D04	Reservepost	0	-2 943	-2 943	0
D05	Vidaregåande opplæring	1 700 437	1 743 703	43 266	1 699 164
D06	Fagskolane i Møre og Romsdal	13 574	14 560	986	47 561
D09	Tannhelsetenester	155 342	149 984	-5 358	144 916
D10	Kulturtenester	130 623	131 322	699	140 192
D11	Regional- og næringsutvikling	100 653	108 356	7 703	95 573
D12	Samferdselstenester	1 574 766	1 531 026	-43 740	1 518 950
D14	Sentrals kontrollorgan	7 516	10 240	2 724	6 816
SUM FORDELT TIL DRIFTSRAMMER		3 900 843	3 926 216	25 373	3 809 770

Tabell 4

Dei fleste av rammene viser eit mindreforbruk i forhold til budsjett bortsett frå Reservepost, Tannhelsetenester og Samferdsel, som har eit meirforbruk.

På reservepost er det eit meirforbruk på 2,9 mill. Dette skuldast mellom anna at det ikkje var satt av nok til å dekke heilårsverknad av lønnsjustering for 2017. 1,1 mill. kroner vart også tatt ut av budsjettet i behandlinga av økonomiplan/budsjett for 2018.

Samla sett har Vidaregåande opplæring eit mindreforbruk på 43,3 mill. kroner i forhold til budsjett, fordelt på 19 av 23 skolar. 4 av skolane hadde eit meirforbruk.

Tannhelsetenester har for 2018 eit meirforbruk på 5,4 mill. kroner. Det skuldast fleire forhold, men hovudårsaka er dårlegare inntening enn føresett.

Samferdselstenester sit meirforbruk er på 43,7 mill. kroner. 24,6 mill. kroner skuldast i høgare indeksutvikling enn forventa i budsjettet. Etter dom i Oslo tingrett av 12. oktober 2018, aksepterte Møre og Romsdal fylkeskommune Norled si berekning av vederlag for opsjonsåret 2014, knytt til ei tidlegare ferjepakke på Ytre Sunnmøre. Dommen medførte ein ekstra kostnad på totalt 11,305 mill. kroner.

Investeringsrekneskap

Investeringsrekneskapen hadde i 2018 eit samla finansieringsbehov på 957,3 mill. kroner mot budsjettet 1 088,9 mill. kroner, dvs. 131,6 mill. kroner mindre enn budsjett (sjå tabell 5). Investeringane i anleggsmidlar (inkl. mva.) var på 936,2 mill. kroner, som er 126,5 mill. kroner mindre enn budsjettet og 258,8 mill. kroner meir enn i 2017.

(i 1000 kroner)	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik (B - R)	Rekneskap 2017
I02 - Sentrale styringsorgan/fellesutgifter	29 011	35 600	6 589	22 803
I03 - Vidaregåande opplæring	145 450	160 683	15 233	279 374
I04 - Tannhelse	8 016	18 635	10 619	1 578
I07 - Samferdsel	741 790	840 156	98 366	361 618
I08 - Fagskolane i Møre og Romsdal	11 981	7 640	-4 341	12 121
Investeringar i anleggsmidlar (inkl. mva)	936 248	1 062 714	126 466	677 494
Utlån, forskoteringar	628	0	-628	550
Aksjekjøp og andelar	6 505	26 100	19 595	28 989
Avsetjingar	13 910	89	-13 821	5 839
Årets finansieringsbehov	957 291	1 088 903	131 612	712 872
Bruk av lån	539 028	643 141	104 113	469 631
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	109	89	-20	3 936
Tilskot til investeringar	14 807	0	-14 807	3 029
Kompensasjon for meirverdiavgift	163 541	174 800	11 259	115 292
Mottatte avdrag på utlån og ref.	208 230	226 773	18 543	64 232
Andre inntekter	1 676	0	-1 676	2 732
Overført frå driftsrekneskapen	17 527	11 400	-6 127	17 441
Bruk av tidlegare års avsetjingar	12 373	32 700	20 327	36 579
Sum finansiering	957 291	1 088 903	131 612	712 872

Tabell 5

Nedanfor er nokre av dei største avvika kommentert.

Sentrale styringsorgan og fellesutgifter hadde eit avvik på 6,6 mill. kroner, som i hovudsak skyldast seinare framdrift enn føresett i budsjettet.

Vidaregåande opplæring har investert til saman om lag 145,4 mill. kroner i bygningsmassen i 2018. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 15,2 mill. kroner. Det er forsinka framdrift på fleire prosjekt i høve til det som var føresett i budsjettet, som til dømes Romsdal vidaregåande skole (vgs) og Spjelkavik vgs.

Tannhelse har investert til saman om lag 8,0 mill. kroner i opprusting av klinikkar og tannlegeutstyr i 2018. Det er totalt eit mindreforbruk på investeringsprosjekta til tannhelse på 10,6 mill. kroner, som skyldast forseinkingar i høve til det som var føresett i budsjettet.

Samferdsel har investert til saman om lag 741,8 mill. kroner i 2018. Av dette utgjer 732,2 mill. kroner investeringar i fylkesvegar og 9,6 mill. kroner investeringar i ruteinformasjon, elektronisk billetteringsutstyr, sanntidsinformasjon og business intelligence/datavarehus. Avviket mellom budsjett og rekneskap på til saman 98,4 mill. kroner skyldast forseinka framdrift.

Fagskolane i Møre og Romsdal har investert for til saman 12,0 mill. kroner i utstyr i 2018, noko som er 4,3 mill. kroner lågare enn budsjettet. Mindreforbruket skuldast at nokre av innkjøpa vart forsinka. Deler av investeringane er finansiert gjennom løyvingar frå Kunnskapsdepartementet.

Det er brukt 539,0 mill. kroner av lånemidlar til å finansiere investeringar i anleggsmidlar. Behaldninga av ubrukte lån har auka frå 87,4 mill. kroner i 2017 til 100,4 mill. kroner ved utgangen av 2018.

Finansielle måltall

Formålet med finansielle måltall er å synleggjere kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid. I dette punktet har Møre og Romsdal fylkeskommune følgande måltall som ein ønsker å sette fokus på.

Netto driftsresultat korrigert for bundne fond


Det tekniske berekningsutvalget (TBU) for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har anbefalt at fylkeskommunane bør ha eit måltall for netto driftsresultat på om lag 4 prosent, som ein buffer mot:

- svingingar i rentenivået, oljepris (drivstoffpris)
- kapitalslit (avskrivingar) - spesielt viktig sett i samanheng med fylkesreforma i 2010 (vedlikehaldsetterslep)
- for å bygge opp reserver til framtidige investeringar

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i 2018 eit netto driftsresultat korrigert for bundne fond på 0,7 prosent av brutto driftsinntekter (sjå tabell 1). I 2017 var andelen på -0,3 prosent, dvs. at vi har hatt ei positiv utvikling frå 2017 til 2018 (figur 1).

Figur 1

Netto driftsresultat korrigert for bundne fond - i prosent




Dispositionsfond

Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkast gjennom å auke frie driftsfond/ disposisjonsfond, ved at fondsmidlane kan nyttast til uventa meirutgifter i enkelte år. Størrelsen på disposisjonsfondet er eit uttrykk for kor stor økonomisk buffer fylkeskommunen har for si løpende drift, og kor stor økonomisk handlefridom fylkeskommunen har. TBU og Kommunenes Sentralforbund (KS) si anbefaling er at størrelsen på driftsfondet bør helst være minst 10 prosent av brutto driftsinntekter. Figur 2 viser utviklinga til disposisjonsfondet til Møre og Romsdal Fylkeskommune dei siste fem åra. Per 31.12.2018 var disposisjonsfondet på 8,0 prosent, mot 6,1 prosent i 2017.

Figur 2


Disposisjonsfond i prosent



Langsiktig lånegjeld og gjeldsgrad

Ved utgangen av 2018 var Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld på 5 072,0 mill. kroner. Dette er ei auke på 340,0 mill. kroner frå året før. Figur 3 nedanfor viser utviklinga i Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld frå 2011 til 2018. I denne perioden har lånegjelda vaks med 2,5 mrd. kroner, dvs. at den er dobbelt så stor som for 8 år sidan.

Figur 3



Netto lånegjeld var ved utgangen av 2018 på 93,2 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er ein auke på 5,3 prosent frå 2017. Kommunenes Sentralforbund (KS) og Kommunaldepartementet ved Teknisk berekningsutval (TBU), anbefaler at ein fylkeskommune bør ligg omrent på 60 % for å ha økonomisk handlerom til investeringar. Ei lånegjeld på over 90 % definerer dei som «rød sone», og gir fylket lite handlingsrom til investeringar. Gjennomsnittleg nettolånegjeld for fylkeskommunane var i 2017 på 75,3 prosent

Høg lånegjeld inneber at fylkeskommunen sin økonomi blir låst i eit 30-års perspektiv, og i tillegg være økonomisk sårbar knytt til ein auke i lånerenta. Sjølv om rentenivået nå er historisk sett veldig lågt, må vi ikkje gløyme at det ikkje er mange år sidan nivået var eit heilt anna. Ei renteauke på eitt prosentpoeng vil medføre auka driftsutgifter på omlag av 30 mill. kroner.

Oppsummering finansielle måltal

De økonomiske indikatorane for Møre og Romsdal fylkeskommune er svake. Faktiske nøkkeltal avviker stort frå anbefalte nivå gitt frå Teknisk berekningsutval (TBU).

Fylkestinget vedtok i juni 2018 eigne måltal for Møre og Romsdal fylkeskommune:

- netto driftsresultat (1,0 % i 2019 – 1,5 % i 2020 – 2,0 % i 2021 – 2,0 % i 2022)
- disposisjonsfond (10 %)

Møre og Romsdal fylkeskommune sine nøkkeltal avviker også frå eigne handlingsreglar. Konsekvensen av svake økonomiske nøkkeltal vil over tid svekke økonomiske handlingsrom og slik påverke tenestetilbodet.

Tvistar

Fylkeskommunen har tre tvistesaker kor utfall er uavklart. Ei sak er knytt til rehabilitering av Fannefjordtunellen, kor fylkeskommunen og entreprenør er ueinige om sluttoppgjer. Fylkeskommunen har mottatt krav frå Torghatten knytt til ekstra

bemanning på ferjer. I tillegg er det ei mindre sak knytt til tilleggsarbeid på eit vegprosjekt på Nordmøre, som ikkje er avklart.

Likestilling, inkludering og mangfold

Tiltak som sikrar inkludering og deltaking for alle, er prioritert av fylkeskommunen. Universell utforming handlar om at alle skal kunne delta på ein likeverdig måte. Våre rådgivande utval eldrerådet, ungdomspanelet og rådet for likestilling av

funksjonshemma er viktige for å lykkast med dette. Desse har jamlege møte gjennom året og gir råd til utviklinga av fylkeskommunen.

Fylkesplan for Møre og Romsdal er overordna plandokument for all regional utvikling. Eit av resultatmåla er likestilling og inkludering med mål om reelle valmoglegheiter innanfor utdanning og arbeidsliv for alle.

All rekruttering til Møre og Romsdal Fylkeskommune skal legge vekt på likestilling mellom kjønn og mellom minoritetar og majoritetar i alle delar av organisasjonen.

Grunnlaget for vurdering i all rekruttering skal vere:

- Utdanning, kompetanse, erfaring, kjønn og mangfold, jf Hovudtariffavtalen kap. 1, §2, pkt. 2.2, Likestillingsloven og Diskrimineringloven.
- Likestilling og mangfold skal være ein del av vurderinga ved samansetting av team og organisasjon.

Leiarar med ansvar for rekruttering har ansvar for å arbeide for rekruttering i tråd med krava.

Ved utgangen av 2018 var det i Møre og Romsdal fylkeskommune totalt 2 516 tilsette fordelt på 2 252 årsverk. Av dei tilsette var 1 514 kvinner (60,2 prosent) og 1 002 menn (39,8 prosent). Av totalt 8 leiande stillingar i fylkeskommunen, var det 3 kvinner.

På driftssida er det arbeidd med universell utforming av alle lokalar som tilbyr fylkeskommunale tenester, slik som dei vidaregåande skolane, tannhelseklinikke, trafikkterminalar og administrasjonsbygg.

Tettstadprogrammet har arbeidd med å sikre at stadsutviklingsprosjekta blir inkluderande møteplassar. Tilgjenge for alle er også følgt opp gjennom krav til søkjavar og rettleiing om utforming av anlegg ved søknad om spelemidlar.

HMS-system

Arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS) er eit leiaransvar som skal kanaliserast mest mogeleg gjennom kvalitetssystemet for HMS. Lokal HMS-dokumentasjon til alle verksemder i organisasjonen er tilgjengeleg for dei tilsette i alle driftseiningane gjennom fylkeskommunen sitt intranett.

Via faste årlege evalueringar av HMS-dokumentasjonen på einingane har vi siste året sett ei stor betring av kvaliteten. I 2018 var det nær 80 prosent av dokumentasjonen som fyller krava. I avvikssystemet vart det i 2018 registrert 515 saker, 412 av desse var innan HMS-området. HMS-avvika blir følgt opp gjennom handlingsplanar.

Sjukefråveret i Møre og Romsdal fylkeskommune var på 5,5 prosent i 2018, som er 0,3 prosent høgare enn i 2017.

Årsrekneskap

Økonomisk oversikt drift

(Tal i heile 1 000)

	Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Endring 2017 - 2018
Brukarter		29 236	32 675	-3 439
Andre sals- og leigeinntekter	<u>18</u>	587 891	560 494	27 397
Overføringer med krav om motyting		324 335	318 616	5 719
Rammetilskot		2 598 028	2 568 004	30 024
Andre statlege overføringer		345 694	257 273	88 421
Andre overføringer		17 272	20 861	-3 589
Inntekts- og formuesskatt		1 529 781	1 457 791	71 990
Eigedomsskatt		0	0	0
Andre direkte og indirekte skattar		9 494	9 018	476
Sum driftsinntekter		5 441 731	5 224 732	216 999
Lønsutgifter		1 411 664	1 374 347	37 317
Sosiale utgifter		379 660	383 125	-3 465
Kjøp av varer og tenester som inngår i eigenproduksjon		979 076	2 216 070	-1 236 994
Kjøp av tenester som erstattar eigenproduksjon		1 855 030	523 216	1 331 814
Overføringer		568 653	567 195	1 458
Avskrivningar	<u>9</u>	278 866	255 752	23 114
Fordelte utgifter		-100 909	-90 826	-10 083
Sum driftsutgifter		5 372 040	5 228 879	143 161
Brutto driftsresultat	<u>5</u>	69 691	-4 147	73 838
Renteinntekter og utbytte		27 885	23 684	4 201
Gevinst finansielle instrument (omløpsmiddel)		-8	7 515	-7 523
Mottatte avdrag på utlån			0	0
Sum eksterne finansinntekter		27 877	31 199	-3 322
Renteutgifter og lånekostnader		97 797	93 633	4 164
Tap finansielle instrument (omløpsmiddel)		1 304	513	791
Avdrag på lån	<u>13</u>	211 864	196 186	15 678
Utlån		0	0	0
Sum eksterne finansutgifter		310 965	290 332	20 633
Resultat eksterne finantransaksjoner		-283 088	-259 133	-23 955

	Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Endring 2017 - 2018
Motpost avskrivningar		278 866	255 752	23 114
Netto driftsresultat	5	65 469	-7 528	72 997
Bruk av tidl. års rekneskapsmessige mindreforbruk		133 856	177 181	-43 325
Bruk av disposisjonsfond		975	59 499	-58 524
Bruk av bundne fond		223 977	224 684	-707
Sum bruk av avsetjingar		358 808	461 364	-102 556
Overført til investeringsrekneskapen		17 527	17 441	86
Avsett til dekn. av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk		0	0	0
Avsett til disposisjonsfond		115 490	71 109	44 381
Avsett til bundne fond		251 525	231 430	20 095
Sum avsetjingar		384 542	319 980	64 562
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk (-/+)		39 735	133 856	-94 121

Økonomisk oversikt investering

(Tal i heile 1 000)

	Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Endring 2017 - 2018
Sal av driftsmiddel og fast eigedom		20	33	-13
Andre salsinntekter		1 048	2 173	-1 125
Overføringer med krav om motyting		208 230	24 232	183 998
Kompensasjon for meirverdiavgift		163 541	115 292	48 249
Statlege overføringer		14 807	3 029	11 778
Andre overføringer		0	0	0
Renteinntekter og utbytte		628	560	68
Sum inntekter		388 274	145 319	242 955
Lønsutgifter		3 841	4 164	-323
Sosiale utgifter		1 231	1 144	87
Kjøp av varer og tenester som inngår i eigenproduksjon		763 916	554 616	209 300
Kjøp av tenester som erstattar eigenproduksjon		2 390	2 156	234
Overføringer		163 722	115 292	48 430
Renteutgifter og kostnader		181	122	59
Fordelte utgifter		967	0	967
Sum utgifter		936 248	677 494	258 754
Avdrag på lån		0	0	0
Utlån		628	550	78

	Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Endring 2017 - 2018
Kjøp av aksjar og andelar		6 505	28 989	-22 484
Dekning av tidlegare års udekt		0	0	0
Avsett til ubundne investeringsfond		89	2 800	-2 711
Avsett til bundne investeringsfond		13 821	3 039	10 782
Sum finansieringstransaksjoner		21 043	35 378	-14 335
Finansieringsbehov	8	569 017	567 553	1 464
Bruk av lån		539 028	469 631	69 397
Sal av aksjar og andelar		89	3 902	-3 813
Mottatte avdrag på utlån		0	40 000	-40 000
Overført frå driftsbudsjettet		17 527	17 441	86
Bruk av tidlegare års udisponert		0	0	0
Bruk av disposisjonsfond		0	6 876	-6 876
Bruk av bundne driftsfond		2 839	1 406	1 433
Bruk av ubundne investeringsfond		6 505	28 297	-21 792
Bruk av bundne investeringsfond		3 029	0	3 029
Sum finansiering	8	569 017	567 553	1 464
Udekt (+)/udisponert (-)		0	0	0

Økonomisk oversikt tilgang og bruk

(Tal i heile 1 000)

	Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Endring 2017 - 2018
EKSTERNE MIDLAR:				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)		5 441 731	5 224 732	216 999
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)		387 646	144 759	242 887
Innbetalingar ved eksterne finantransaksjonar		567 622	545 292	22 330
Sum tilgang på eksterne midlar	2	6 396 999	5 914 783	482 216
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)		5 093 174	4 973 127	120 047
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)		936 067	677 372	258 695
Utbetalingar ved eksterne finantransaksjonar		318 280	319 992	-1 712
Sum bruk av eksterne midlar	2	6 347 521	5 970 491	377 030
Netto tilgang/bruk eksterne midlar		49 478	-55 708	105 186
Endring i ubrukte lånemidlar - auke (-) / reduksjon (+)		13 039	62 569	-49 530
Endring i arbeidskapital		62 517	6 861	55 656
AVSETJINGAR OG BRUK AV AVSETJINGAR				

	Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Endring 2017 - 2018
Bruk av bundne avsetjingar		-229 845	-226 090	-3 755
Bruk av ubundne avsetjingar		-141 336	-271 853	130 517
Bundne avsetjingar		265 346	234 470	30 876
Ubundne avsetjingar		155 313	207 765	-52 452
Netto avsetjingar		49 478	-55 708	105 186
INTERNE INNTEKTER OG UTGIFTER:				
Interne inntekter		-117 469	-17 441	-100 028
Motpost avskrivingar		-278 866	-255 752	-23 114
Interne utgifter		117 469	17 441	100 028
Avskrivingar		278 866	255 752	23 114
Netto interne inntekter/utgifter		0	0	0

Balanse

(Tal i heile 1 000)

	Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
EIGEDELAR			
Anleggsmidlar			
Faste eigedomar og anlegg	<u>9</u>	7 888 968	7 296 447
Udstyr, maskinar og transportmiddel	<u>9</u>	230 832	197 443
Utlån	<u>10</u>	54 058	53 430
Aksjar og andelar	<u>10</u>	115 944	122 121
Pensjonsmidlar	<u>4</u>	2 848 738	2 683 891
Sum anleggsmidlar		11 138 540	10 353 332
Omløpsmidlar			
Kortsiktige fordringar		331 676	288 187
Premieavvik	<u>4</u>	36 505	25 616
Aksjar og andelar	<u>11</u>	30 379	31 801
Obligasjonar	<u>11</u>	16 103	13 523
Kasse og bankinnskott	<u>11</u>	1 655 770	1 578 732
Sum omløpsmidlar	<u>2</u>	2 070 433	1 937 859
SUM EIGEDELAR		13 208 973	12 291 191
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Dispositionsfond	<u>12</u>	432 909	318 394
Bundne driftsfond	<u>12</u>	141 627	116 918
Ubundne investeringsfond	<u>12</u>	230 221	236 637

	Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Bundne investeringsfond	<u>12</u>	31 129	20 337
Endring i rekneskapsprinsipp (drift)	<u>12</u>	-40 947	-40 947
Endring i rekneskapsprinsipp (inv.)	<u>12</u>	-58 585	-58 585
Rekneskapsmessig mindreforbruk	<u>5</u>	39 735	133 856
Kapitalkonto	<u>12</u>	2 872 598	2 508 523
Sum eigenkapital		3 648 687	3 235 133
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktingar	<u>4</u>	3 294 419	3 200 450
Sertifikatlån	<u>13</u>	972 100	749 100
Andre lån	<u>13</u>	4 099 862	3 982 659
Sum langsiktig gjeld		8 366 381	7 932 209
Kortsiktig gjeld			
Anna kortsiktig gjeld		1 193 905	1 123 849
Sum kortsiktig gjeld	<u>2</u>	1 193 905	1 123 849
SUM EIGEKAPITAL OG GJELD		13 208 973	12 291 191
MEMORIAKONTI			
Ubrukte lånemidlar	<u>2</u>	100 439	87 400
Motkonto for memoriakonti		-100 439	-87 400
Sum memoriakonti		0	0

Ottar Brage Guttelvik

Ottar Brage Guttelvik - fylkesrådmann

Grete Rødal

Grete Rødal - rekneskapssjef

Skjema 1A

(Tal i heile 1 000)

	Note	Rekneskap 2018	Korrigert budsjett 2018	Opphavelig budsjett 2018	Rekneskap 2017
Fylkeskommunen sine frie inntekter:					
Skatt på inntekt og formue	<u>6</u>	1 529 781	1 499 800	1 499 800	1 457 791
Ordinært rammetilskot	<u>6</u>	2 598 028	2 614 000	2 614 000	2 568 004
Skatt på eide dom		0	0	0	0
Andre direkte eller indirekte skattar	<u>6</u>	9 494	9 200	9 200	9 018
Andre generelle statstilskot		54 141	49 583	15 200	13 876
Generelle overføringer frå andre		7 013	5 000	5 000	5 813

	Note	Rekneskap 2018	Korrigert budsjett 2018	Opphavelig budsjett 2018	Rekneskap 2017
Sum frie disponible inntekter	6	4 198 457	4 177 583	4 143 200	4 054 502
Renteinntekter og utbytte		24 213	21 346	18 300	20 488
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)		-8			7 515
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutg.		-97 312	-104 300	-107 100	-93 559
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)		-1 304			-513
Avdrag på lån		-211 864	-211 900	-211 900	-196 186
Netto finansinntekter/-utgifter	6	-286 275	-294 854	-300 700	-262 256
Til fri disponering:					
Til dekn. av tidl.års reknesk. messige meirforbruk		0	0	0	0
Til ubundne avsetjingar		-115 490	-115 490	-41 921	-71 109
Til bundne avsetjingar		0	0	0	0
Bruk av tidl. års rekneskapsmessige mindreforbruk		133 856	133 856	0	177 181
Bruk av ubundne avsetjingar		540	540	540	58 674
Bruk av bundne avsetjingar		0	0	0	0
Netto avsetjingar	6	18 906	18 906	-41 381	164 746
Overført til investeringsrekneskapen		-11 400	-11 400	-11 400	-10 799
Ufordelte utgifter/inntekter pensjon		20 890	35 981	37 858	-2 567
Til fordeling driftsrammer	6,7	3 940 578	3 926 216	3 827 577	3 943 626
Sum fordelt til driftsrammer (skjema 1B)		3 900 843	3 926 216	3 827 577	3 809 770
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	5,6	39 735	0	0	133 856
Spesifikasjon linje 22:					
Årets premieavvik		36 506	51 622	57 596	25 616
Amortisering tidlegare års premieavvik		-25 616	-25 641	-29 738	-38 183
Diverse ufordelte utgifter pensjon			0	0	0
Bruk av premiefond		10 000	10 000	10 000	10 000
Ufordelte utgifter/inntekter pensjon		20 890	35 981	37 858	-2 567

Skjema 1B

(Tal i heile 1 000)

	Rekneskap 2018	Korrigert budsjett 2018	Opphavelig budsjett 2018	Rekneskap 2017
D01 Fellesutgifter og utgifter til fordeling	59 133	69 705	57 294	42 701
D02 Politisk verksemd	25 959	28 595	26 130	27 169

	Rekneskap 2018	Korrigert budsjett 2018	Opphavelig budsjett 2018	Rekneskap 2017
D03 Stabsfunksjonar	132 840	141 668	119 412	86 729
D04 Reservepost	0	-2 943	85 509	0
D05 Vidaregåande opplæring	1 700 437	1 743 703	1 643 641	1 699 164
D06 Fagskolane i Møre og Romsdal	13 574	14 560	14 123	47 561
D09 Tannhelsetenester	155 342	149 984	135 949	144 916
D10 Kulturtenester	130 623	131 322	126 942	140 192
D11 Regional- og næringsutvikling	100 653	108 356	92 627	95 573
D12 Samferdselstenester	1 574 766	1 531 026	1 518 721	1 518 950
D14 Sentrale kontrollorgan	7 516	10 240	7 229	6 816
Netto avsett i driftsrekneskapen		5 321	0	-5 321
Netto avsetjing/bruk bundne driftsfond	24 709	1 448	-22 028	5 341

Bundne driftsfond består i all hovedsak av øyremerka statstilskot til ymse formål.

12.5 Investeringsfond

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik (B - R)	(Tal i heile 1 000) Rekneskap 2017
Bundne investeringsfond:				
Inngående balanse 1.1	20 337			17 298
Avsetjingar	13 821	0	-13 821	3 039
Bruk av bundne investeringsfond	-3 029	0	3 029	
Utgående balanse 31.12	31 129			20 337
Ubundne investeringsfond:				
Inngående balanse 1.1	236 637			262 134
Avsetjingar	89	0	-89	2 800
Bruk ubundne investeringsfond	-6 505	-32 700	-26 195	-28 297
Utgående balanse 31.12	230 221			236 637

12.6 Finansfondet (sal kraftaksjer)

	2018	2017	Endring 2017-2018	(Tal i heile 1 000) 2016
Bank	25 302	36 140	-10 838	35 015
Pengemarknadsfond	70 954	69 579	1 375	68 705
Obligasjonsfond	16 103	13 522	2 581	16 348
Aksjefond	30 379	31 801	-1 422	27 162
Sum plassering 1)	142 738	151 042	-8 304	147 230
Driftsdel	37 932	37 932	0	37 932
UB Investeringsdel	105 471	105 471	0	105 471

	2018	2017	Endring 2017-2018	2016
Sum kapitalfond 1)	143 403	143 403	0	143 403

1) Differansen mellom fondet og plasserte midlar i 2018, 2,0 mill. kroner, blir korrigert i 2019.

12.7 Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen

	2018	2017	(Tal i heile 1 000) 2016
Rest feriepengar 1992	58 585	58 585	58 585
Investeringsdel	58 585	58 585	58 585
Varelagre (sjukehus, apotek)	25 086	25 086	25 086
Renter påløpt 2000, betalt i 2001	20 661	20 661	20 661
Mva-kompensasjon for 1999	-12 845	-12 845	-12 845
Lærlingetilskot hausten 2001	8 045	8 045	8 045
Driftsdel	40 947	40 947	40 947

12.8 Kapitalkonto

Saldo på kapitalkonto viser kor stor del av anleggsmidla som ikkje er finansiert med gjeld.

	Saldo 31.12.18	Saldo 31.12.17	(Tal i heile 1 000) Endring 2017-2018
Sum anleggsmidlar	11 138 540	10 353 332	785 208
- Pensjonsforplikting	3 294 419	3 200 450	93 969
- Langsiktig gjeld	5 071 962	4 731 759	340 203
+ Ubrukte lån	100 439	87 400	13 039
=Kapitalkonto	2 872 598	2 508 523	364 075

	1.1.18 IB Kapitalkonto	(Tal i heile 1 000) 2 508 523
Debetpostar i året:		
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	273 913	Aktivering av fast eigedom og anlegg
Av- og nedskrivning av utstyr, maskinar og transportmidlar	37 006	Aktivering av utstyr, maskinar og transportmidlar
Sal av utstyr, maskinar og transportmidlar	360	
Avgang aksjar og andelar	89	Kjøp av aksjar og andelar
Nedskrivning av aksjar og andelar	12 594	
Avdrag på utlån	0	Aktivering eigenkapitalinnskot pensjonskasse
		4 105

		1.1.18 IB Kapitalkonto	2 508 523
Bruk av midlar frå eksterne lån	539 028	Utlån	628
Auka pensjonforpliktingar	102 394	Avdrag på eksterne lån	211 864
		Auke pensjonsmidlar	164 847
		Arbeidsgjevaravgift av netto reduksjon pensjonsforpliktingar	8 425
Sum debet	965 384	Sum kredit	1 329 459
		31.12.18 UB Kapitalkonto	2 872 598

Note 13 Langsiktig lånegjeld, avdrag og renter på lån

13.1 Tilgang og bruk av lånemidlar

	2018	2017	2016	(Tal i heile 1 000) 2015
Danske Bank - sertifikatlån				300 000
Den Norske Bank - sertifikatlån				319 100
Sparebank 1 - sertifikatlån	250 000			
KBN Kommunalbanken	462 085	401 100		
KLP Kommunekreditt AS - serielån	-147 085	109 400	578 000	0
Fræna kommune - vegforskotering	-10 703		0	0
Herøy kommune - vegforskotering	-18 800		18 800	
Sula kommune		21 700		
Aure kommune	16 570			
Sum Tilgang	552 067	532 200	596 800	619 100
Inntektsført i investeringsrekneskapen	539 028	469 631	635 012	593 178
Tilbakebetalte vegforskoteringar (refinansiert)				20 670
Sum Bruk	539 028	469 631	635 012	613 848
Endring brukte lån	13 039	62 569	-38 212	5 252

I 2018 er det tatt opp to nye lån i Kommunalbanken i tillegg til eit opptrekk på eit eksisterande lån, samt et nytt sertifikatlån i Sparebank 1. Eit av låna er ei refinansiering av eit lån i KLP Kommunekreditt AS. To vegforskoteringar til henholdsvis Fræna og Herøy kommunar er tilbakebetalte i 2018, men begge er tilbakebetalt med ei refinansiering i andre lån, og er derfor ikkje behandla som tilbakebetalte vegforskoteringar. I tillegg har Aure kommune forskottert vegprosjekt med 16,6 mill. kroner. Lån som ikkje er brukt er ført på memoriakonto med saldo 100,4 mill. kroner per 31.12.2018, ei auke på 13 mill frå 2017.

13.2 Endring i lånegjeld

	2018	2017	2016	(Tal i heile 1 000) 2015
Lånegjeld 01.01	4 731 759	4 395 746	3 981 258	3 528 580
Nye lån ekskl. forskoteringar	565 000	510 500	578 000	619 100

	2018	2017	2016	2015
Nye forskoteringar	16 570	21 700	18 800	0
Tilbakebetalte forskoteringar (refinans.)	-29 503			-20 670
Tilbakebetalte forskoteringar avdrag drift)	-21 390	-21 150	-20 900	-5 000
Betalte avdrag på innlån (driftsrekneskapen)	-190 474	-175 037	-161 412	-140 752
Lånegjeld 31.12	5 071 962	4 731 759	4 395 746	3 981 258
Årets rentekostnad	97 266	93 480	92 151	90 674
	Endring 2017-2018	Endring 2017-2018 i %	Endring 2015-2018	Endring 2015-2018 i %
Endring i lånegjeld	340 203	7,2 %	1 543 382	43,7 %
Betalte avdrag på lån (eks. forskoteringar)	15 437	8,8 %	49 722	35,3 %
Årets rentekostnad	3 786	4,1 %	6 592	7,3 %

Per 31.12.18 var lånegjelda 5 071,9 mill. kroner, det er ein auke på 340,2 mill. kroner frå året før. I perioden 01.01.15 - 31.12.18 auka lånegjelta med 1 543,4 mill. kroner, ein auke på 43,7%. Betalte avdrag på gjeld utanom forskoteringar auka frå 175,0 mill. kroner i 2017 til 190,5 mill. kroner i 2018. Tilbakebetaling av forskoteringar til Imarfinans AS og Atlanterhavstunnelen AS er ført som avdrag. Påløpte netto renter på lånegjeld var i 2018 97,3 mill. kroner, det er ei vekst på 4,1% frå året før.

13.3 Lånegjeld fordelt på kreditorar

	2018	Andel	2017	(Tal i heile 1 000) Andel
Kommunalbanken AS	2 091 004	41,2 %	1 700 183	35,9 %
Kommunal Landspensjonskasse	1 396 939	27,5 %	1 663 990	35,2 %
KLP Kommunekreditt AS	476 439	9,4 %	448 684	9,5 %
Sum Bank/kreditinstitusjonar	3 964 382	78,2 %	3 812 856	80,6 %
Sparebank 1 SMN	685 000			
Den Norske Bank	287 100		577 700	
Danske Bank			171 400	
Sum Sertifikatlån	972 100	19,2 %	749 100	15,8 %
Sum Vegforskoteringar, sjå note 13.6	135 480	2,7 %	169 803	3,6 %
Sum Lånegjeld per 31.12.	5 071 962	100,0 %	4 731 759	100,0 %

Sertifikatlån forfell i løpet av året men skal reknast som langsiktig gjeld. I 2019 må fylkeskommunen ut i lånemarknaden å refinansiere ca 972 mill. kroner. I tillegg er det budsjettert med 901 mill. kroner i nye lån, slik at fylkeskommunen må ut i lånemarknaden med i alt 1 873 mill. kroner.

13.4 Renter

Rentebinding	2018	Andel	2017	(Tal i heile 1 000) Andel
Rentefrie lån (forskoteringar)	135 480	2,7 %	169 803	3,6 %
Mindre enn 1 år	3 283 935	64,7 %	3 056 987	64,6 %

Rentebinding	2018	Andel	2017	Andel
2 - 3 år	325 600	6,4 %	364 783	7,7 %
4 - 5 år	317 176	6,3 %	512 053	10,8 %
6 - 8 år	512 305	10,1 %	109 400	2,3 %
Over 8 år	497 466	9,8 %	518 733	11,0 %
	5 071 962	100,0 %	4 731 759	100,0 %

Det blir ikkje betalt renter på vegforskoteringar. Gjennomsnittleg vekta rentesats per 31.12.18 er 2,12% mot 2,06% året før. Gjennomsnittleg vekta renteløpetid per 31.12.18 er 2,3 år mot 2,1 året før. Per 31.12.18 var det ikkje inngått rentebytteavtaler.

Rentekompensasjon	Ber.grl. 01.01.2018	Ber.grl. 31.12.2018	(Tal i heile 1 000) Årets rentekomp.
Investeringar i skolebygg	256 007	230 687	2 619
Investeringar i fylkesvegar	1 145 700	1 110 700	17 160

Staten kompenserer ein del av renteutgiftene knytt til nybygg og utbetring av skolebygg og investeringar i fylkesvegar. Tilskotta er basert på låneramme og rentesats fastsett av staten.

13.5 Minste lovlege avdrag

Kommunelova har krav om kor mykje avdrag på langsiktig gjeld som minst skal betalast i året. Reglane bygger på eit prinsipp om at det skal vere samanheng mellom levetida på egedelar av varig verdi og gjennomsnittleg avdragstid på lånegjelda. I dag kan både vektmodellen (regnearkmodellen) og ein enklare metode nyttast. I NOU 2016:4 Ny kommunelov er det foreslått at vektmodellen ikkje lenger kan nyttast.

	2018	2017	2016	(Tal i heile 1 000) 2015
Varige driftsmidlar per 1.1	7 493 890	7 072 501	6 436 107	5 721 412
Lånegjeld (LG) 1.1.	4 731 759	4 395 746	3 981 258	3 528 580
LG i % av varige driftsmidlar	63,1 %	62,2 %	61,9 %	61,7 %
Avskrivningar i året	278 866	255 752	232 277	211 329
Betalt avdrag i året	211 864	196 186	182 312	145 752
av dette tilbakebetalte forskoteringar	21 390	21 150	20 900	
Vekta restlevetid, ("forenkla metode")	27	28	28	27
Minste avdrag	176 080	158 957	143 682	130 333

13.6 Forskoteringer fylkesvegar

Forskottert av	FT-vedtak	Vedtatt forskot.	Gjeld per 31.12.2018	Rest forskot.	(Tal i heile 1 000) Planlagt tilbakebet.

Forskottert av	FT-vedtak	Vedtatt forskot.	Gjeld per 31.12.2018	Rest forskot.	Planlagt tilbakebet.
Imarfinans AS, vegreform 2010			71 490		2022
Atlanterhavstunnelen AS, vegreform 2010			25 720		2024
Ørskog kommune, Fv 650 Amdam-Giskemo	T-17/13	21 000		21 000	2023
Sula kommune, Fv 61 Furneskrysset	T-14/16	21 700	21 700		2023
Haram kommune, Fv 659 Miljøgate Brattvåg	T-19/16	5 500		5 500	
Aure kommune, Fv 680, Kjørsvikbugen	T-49/17	15 000	16 570	-1 570	2022
		63 200	135 480	26 500	

Ifølge retningslinjer for forskotering av fylkesvegar vedtatt av fylkestinget i sak T-32/10, skal forskoteringar refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter.

Note 14 Garantiansvar

Fylkeskommunen kan gi garantiar med heimel i Kommunelova § 51 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Selskap med garantiansvar blir vurdert i årleg melding til fylkestinget om oppfølging av fylkeskommunen sine interesser i selskap og føretak. I meldinga for 2016, sak T-46/17, er det lagt til grunn at selskapa kan betene gjelda. I desember 2017 fikk Norsk Tindesenter Eiendom AS betalingsproblem på grunn av uventa avgiftskrav frå Skatt Midt-Norge på 4,2 mill. Fylkesutvalet vedtok i sak U-5/18 å gå inn med 2,1 mill. kroner i ny aksjekapital.

Fylkeskommunen har i løpet av rekneskapsåret ikkje fått krav om å innfri garantiar eller dekke tap.

Låntakar	Långjevar	Garantiplikt 31.12.2018	(Tal i heile 1 000) Garanti går ut
Imarfinans AS	Kommunalbanken	56 482	2022
Atlanterhavstunnelen AS	KLP Kreditt AS	252 751	2027
Samspleis	KLP	39 570	2032
Trollheim Vekst AS	KLP Kreditt AS	166	2020
AS Regionteatret i Møre og Romsdal	Kommunalbanken	31 269	2051
AS Regionteatret i Møre og Romsdal	Kommunalbanken	16 085	2027
Eksportvegen AS (Tresfjordbrua)	Kommunalbanken	582 000	2030
Muritunet AS	Kommunalbanken	10 051	2042
Muritunet AS	Kommunalbanken	4 387	2042
Stift. Molde Intern. Jazzfestival	Kommunalbanken	11 611	2050
Stift. Molde Intern. Jazzfestival	Kommunalbanken	6 010	2027
Stift. Romsdalsmuseet	Kommunalbanken	38 662	2042

Låntakar	Långjevar	Garantiplikt 31.12.2018	Garanti går ut
Norsk Tindesenter Eiendom AS	Kommunalbanken	9 643	2045
Tingvoll Økopark Eiendom AS	Kommunalbanken	2 250	2040
Sum garantiansvar			1 060 937

Fylkestinget vedtok i sak T- 89/16 å stille sjølvskyldnargaranti på samla 525 mill. kroner for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av Nordøyvegen. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år.

Fylkestinget vedtok i sak T- 16/18 å stille sjølvskyldnargaranti på samla 1 190 mill. kroner for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av ny E39 Lønset - Hjelset. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år.

Note 15 Leigeavtalar

Rest leigetid per 31.12.2018	Under 3 år	3 - 5 år	5 - 10 år	Over 10 år	(Tal i heile 1 000) Sum
Utdanningsformål	14 548	925	3 749	5 206	24 428
Tannklinikkar	7 083	2 459	885	982	11 409
Sum årleg leige	21 631	3 384	4 634	6 188	35 837

Fylkeskommunen har løpende avtale med Fylkeshuset AS om leige av administrasjonslokale. Årleg leigekostnad er for tida 17,9 millioner kroner.

Note 16 Ikkje rekneskapsførte forpliktingar

Fylkestinget har vedteken å gi årlige driftstilskot til å dekke renter og avdrag til andres investeringar.

Sak	Avtale	Oppr. lånegjeld	Rest per 31.12.2018	(Tal i heile 1 000) Rest per 31.12.2017
Teateret Vårt AS (Plassen)	T-sak 13/09	13.09.2018	21 840	10 192
Moldejazz (Plassen)	T-sak 13/09	13.03.2018	8 160	3 808
Stiftelsen Romsdalsmuseet	T-sak 43/13	17.12.2013	48 500	38 800
Forplikting (noverdi)			78 500	52 800
				56 417

I sak T-13/09 er det gjort vedtak om å dekke renter og avdrag over 15 år (fram til 2025) på eit lån på totalt 30 mill, knytt til finansiering av kulturhuset Plassen for Teatret Vårt AS og Stiftelsen Molde International Jazz Festival. Skriftelege avtaler om dei ekstraordinære driftstilskota vart utarbeida og signert i 2018. Det er inngått avtale med Stiftelsen Romsdalsmuseet om årleg tilskot i 30 år (fram til 2042) som skal dekke renter og avdrag på eit lån på 48,5 mill. kroner.

Dersom forpliktingane var rekneskapsført, hadde disposisjonsfondet vore belasta med 52,8 mill. kroner.

Note 17 Årsverk/tilstette

	2018	2017	2016	2015	Endring 2017 2018
Tal på årsverk totalt	2 252	2 272	2 241	2 239	-20
Kvinner	1 514	1 506	1 470	1 480	8
Menn	1 002	1 036	1 046	1 044	-34
Tal på tilsette totalt	2 516	2 542	2 516	2 524	-26
Tal på årsverk, delstillingar	489	504	517	537	-15
Kvinner	538	559	564	604	-21
Menn	215	215	227	217	0
Tal på tilsette i delstillingar	753	774	791	821	-21
Tal på kvinner i leiande stillingar	3	2	2	2	1
Tal på menn i leiande stillingar	5	6	7	7	-1
Andel tilsette kvinner	60,2 %	59,2 %	58,4 %	58,6 %	-30,8 %
Andel kvinner i deltidsstillingar	71,4 %	72,2 %	71,3 %	73,6 %	100,0 %
Andel kvinner i leiande stillingar	37,5 %	25,0 %	22,2 %	22,2 %	12,5 %

Som leiande stillingar er her rekna fylkesrådmann, assisterende fylkesrådmann, kontrollsjef og leiarane for tenesteområda samferdsel, utdanning, regional og næring, kultur og tannhelse.

Note 18 Spesifikasjon av driftspostar

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik (B - R)	(Tal i heile 1 000) Rekneskap 2017
Andre sals- og leigeinntekter:				
Inntekter kantine, kost mv vidaregåande skole	25 131	25 529	-398	24 161
Inntekter elevarbeid mv vidaregåande skole	2 826	1 773	1 053	2 831
Sal av kurs mv	5 052	603	4 449	5 452
Sal av konsesjonskraft	14 270	0	14 270	12 861 1)
Husleigeinntekter	12 743	12 299	444	12 963
Kollektivinntekter buss og hurtigbåt	275 115	285 591	-10 476	263 154 2)
Kollektivinntekter ferge	204 799	210 400	-5 601	192 629 3)
Ymse andre inntekter	47 955	27 367	20 588	46 443
Sum	587 891	563 562	24 329	560 494

1) Fylkeskommunen har rettigheter på konsesjonskraft. Det som ikkje blir benytta i eigen virksomhet blir solgt. Tafjord Marked AS handterer sal av konsesjonskraft for fylkeskommunen. Brutto sal av konsesjonskraft er ført under reknesapslinja Andre sals- og leigeinntekter, mens det er budsjettet med netto sal på 5 mill under reknesapslinja Andre overføringer. I 2018 er netto sal berekna til 7 mill, mot 5,1 mill i 2017, og ført under Andre overføringer medan motpost er belasta på reknesapslinja Fordelte utgifter.

2) Kollektivinntekter buss og hurtigbåt består i hovudsak av sal av billettar til persontrafikk.

3) Kollektivinntekter ferge består av både persontrafikk og næringstrafikk.

Note 19 Resultatoppstilling pasientbehandling tannhelse

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Forskrift om krav til føring av adskilte rekneskap mv. som gjeld frå 2015. Etter § 5 i forskrifa skal det utarbeidast resultatoppstilling for dei ulike delane av tannhelsetenesta:

- Tenester som tilbys heilt eller delvis vederlagsfritt etter lov om tannhelsetenester
- Tenester som tilbys vaksne mot betaling i område utan anna tilstrekkeleg tilbod
- Tenester som tilbys vaksne om betaling i område med konkurranse frå private tenesteytarar.

Gruppe b er vurdert å ikkje vere aktuell for tannhelsetenesten i Møre og Romsdal.

Direkte utgifter er delt på grunnlag av kor stor del betalande pasientar utgjer av samla behandla pasientar. I 2018 var andelen 12,6 prosent. Øvrige utgifter er delt med utgangspunkt i kor stor del av netto driftsutgifter (utanom avskrivningar) tannhelse utgjer av netto driftsutgifter på rammeområda samla.

Resultat pasientbehandling tannhelse

	2018	2018	2017	(Tal i heile 1 000) 2017
	Gruppe a	Gruppe c	Gruppe a	Gruppe c
Direkte inntekter	6 594	23 725	6 451	27 326
Direkte utgifter	162 137	23 374	153 715	25 023
Indirekte utgifter	10 472	425	10 493	524
Kapitalkostnader	3 716	536	4 190	682
Resultat	-169 731	-610	-161 947	1 097

I 2018 har Fylkestannlegen hatt ei nedgang i betalande pasientar, dette har gitt seg utslag i eit underskot på dei betalande pasientane.

Note 20 Usikre forpliktingar

Sluttoppgjer for arbeidet med rehabilitering av Fannefjordtunnelen vart belasta rekneskapen i 2016. Møre og Romsdal fylkeskommune og entreprenør er usamde om beløpets størrelse, og det er framleis uklart kva løysing det blir.

Fylkeskommunen har eit uavklart krav på 2,5 mill. kroner for tilleggsarbeid på eit vegprosjekt på Nordmøre.

Fylkeskommunen har fått krav på om lag 16 mill. kroner frå Torghatten knytt til ekstra bemanning. Det er ikkje einighet om kravet og status er uklar.

Fylkestinget gav i T-sak 10/14 tilsegn om eit årleg samla tilskot på inntil 13,9 mill. kroner i 30 år til A/S Operaen i Kristiansund og til stiftinga Nordmøre Museum. Tilskotet er meint å dekke renter og avdrag på eit lån på 204,1 mill. kroner til finansiering av nytt

Opera- og kulturhus i Kristiansund. Prosjektet er eit spleiselas mellom Kristiansund kommune, staten og Møre og Romsdal fylkeskommune. Per i dag er statleg medfinansiering uavklart, og forpliktinga på 204,1 mill. kroner er rekna som usikker.

Melding frå uavhengig revisor

Møre og Romsdal fylkeskommune sin revisor er Møre og Romsdal Revisjon IKS. Melding frå uavhengig revisor for 2018 finn du [her](#).

Styring og kontroll av verksemda

Fylkesrådmannen er etter kommunelova pålagt å innrette verksemda på ein slik måte at den er underlagt ein forsvarleg kontroll. I det daglege har kvar avdelingssjef ansvar for å etablere og følge opp rutinar innanfor eigen sektor som sikrar etterleving av lover og reglar. I fylkeskommunen har vi fleire system med faste rutinar, prosedyrar og planar for å sikre internkontroll i tenester og støtteprosessar.

Etiske retningslinjer

I 2018 har fylkestinget, etter ei brei prosess internt i fylkeskommunen, vedteke dei nye etiske retningslinjene. Desse legg eit godt grunnlag for forståing av kva som er god etisk praksis. Ein god etisk standard på alt vi gjer, er avgjerande for at dei som tek i mot våre tenester eller som vi samarbeider med, skal ha tillit til oss.

Felles mal for leigeavtalar

Det er starta opp ein gjennomgang av alle leigeavtalar til fylkeskommunen, både som uteigar og leigetakar. Målet er få ein felles mal for leieavtalar, både for inn- og uteleige.

Forvaltningsrevisjon i 2019

Fylkesrådmannen er også opptatt av å følge opp anbefalingane frå kontrollutvalet på bakgrunn av dei revisjonshandlingar og forvaltningsrevisjonar som blir gjennomført i løpet av året. I 2019 er det planlagd ein forvaltningsrevisjon om heilskapleg risiko- og verksemdstyring samt internkontroll og HMS. Denne rapporten vil venteleg gi nyttige innspel på forbetringspunkt knytt til internkontrollen.

Utfordringar framover

Møre og Romsdal fylkeskommune vil ha store økonomiske utfordringar i åra som kjem. Vi har ambisjonar om å behalde dagens tenestenivå samstundes som vi planlegg ei dobling i gjelda vi sjølv må bære. Dette vil prege framtidsbildet og stramme inn handlingsrommet betydelig allereie i økonomiplan 2019-2022. Vi vil mest sannsynlig måtte jobbe med kontinuerlig forbetring av våre tenester for å oppretthalde den høge kvaliteten med mindre ressursar.

Dei viktigaste utfordringane kan vi summere opp slik:

- Utbygginga av Nordøyvegen med ei kostnadsramme på 5,15 mrd. kroner.
- Omfattande behov for investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet, estimert til å utgjere 5,9 mrd. kroner.
- Etterleve tunnelsikkerheitsforskrifta.
- Omfattande behov for investeringar i og vedlikehald av skolebygg.
- Auka kostnader knytt til nye ferjebane med miljøkrav, med tilhøyrande behov for investering i nye ferjekaier. Investeringar som i stor grad må bærast av fylkeskommunen aleine.
- Høg lånegjeld som belastar drifta.
- Overføring av statens vegadministrasjon knytt til fylkesvei (SAMS) til fylkeskommunen. Det er vedteke at fylkesvegadministrasjonen som i dag ligger hos Statens Vegvesen skal overførast til fylkeskommunane. Finansieringa er fortsatt uavklart, både når det gjeld dei løpende kostnadane til administrasjon og omstillingskostnadane og eventuelle varige auka kostnader ved å dele administrasjonen av fylkesvegnettet og riksvegnettet.

Kontrollutvalet har gjennom analysa «Vurdering av fylkeskommunen sin økonomiske bærekraft» i 2018, uttrykt stor bekymre for fylkeskommunen sin økonomiske situasjon. Dei har konkludert med at fylkeskommunen sitt drifts- og investeringsnivå er for høgt til at det reelt sett er moglegheit til å kunne ta i vare utfordringane nemnt over. Vidare konkluderte dei med at det høge drifts- og investeringsnivået med stor sannsynlighet vil innebere at fylkeskommunen blir innrapportert til ROBEK-registeret om få år.


Møre og Romsdal fylkeskommune vil ikkje greie å innpasse desse auka kostnadane i åra som kjem utan ein omstilling av organisasjonen som reduserer samla kostnadsnivå. Dette kan gjerast enten ved å auke inntektene eller redusere kostnadene. For å klare å møte dei store utfordringane fylkeskommunen står ovanfor, har Fylkestinget starta prosjektet «Omstilling 2020». Omstillingsprosjektet har som formål å tilpasse fylkeskommunen sin tenesteproduksjon og rolla som samfunnsaktør til dei økonomiske rammeendringane som må pårekna dei komande åra.

Høg lånegjeld

Ved utgangen av 2018 var Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld på 5,1 mrd. kroner. Dette er ei auke på 340 mill. kroner frå året før. Figuren under viser utviklinga i Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld frå 2012 til planlagt gjeld innan 2022. Vi har hatt ei jamn auke i låna fram til og med 2018. I økonomiplan 2019-2022 planlegg ein å auke lånegjelda med om lag 2 mrd. kroner, slik at lånegjelda vil være på om 7,1 mrd. kroner ved utgangen av 2022. Netto lånegjeld var ved utgangen av 2018 på 93 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er langt over KS sitt anbefalte nivå på 75 prosent, men om lag det same som maksimalt anbefalt låneopptak på 90 prosent.

Framtidsutsiktene for lånegjelda er ein kraftig auke frå dagens nivå. Vi må korrigere for statlige insentiver i form av fergjeavløysningsmidlar, for å få gjelda vi faktisk må bære sjølv. Modellen under viser gjeldsutviklinga ut over maks nivå anbefalt frå KS på 90 %.

Låneutviklinga - tom år 2022



Den sterke auken i lånegjelda gir redusert økonomisk handlefridom og store driftsutfordringar, sidan rente- og avdragsutgiftene aukar.

Høg lånegjeld inneber også at fylkeskommunen sin økonomi blir låst i eit 10-15 års perspektiv. Vi vil derfor vere svært økonomisk sårbar dersom renta skulle auke. Ein renteauke på eitt prosentpoeng vil føre til auka driftsutgifter for Møre og Romsdal fylkeskommune på i overkant av om lag 50 mill. kroner per år, jf planlagt lånepoptak.

Framtidsutsiktene til fylkeskommunen er avhengig av ein investeringspause på større prosjekt og at ein held lånegjelda stabil ved at vi ikkje låner meir enn vi betalar i avdrag. Klarer vi dette treng vi å spare om lag 200 mill. kroner dei neste 4 åra. Det vil krevje tøffe prioriteringar framover, men også gi oss muligheita til å tenkje nytt.

Utdanning

Fylkeskommunen har ansvar for at om lag 2 400 lærlingar og 10 000 elevar og studentar, fordelt på 23 vidaregåande skolar og 2 fagskolar, får ei god vidaregåande opplæring.

Kort oppsummert

- Heile 87,6 prosent av elevane gjennomførte skoleåret 2017/2018, det høgaste talet sidan målingane starta.
- 72 prosent av dei som søkte fekk lærepass i 2018, ei auke på 4,1 prosent frå 2017.
- Fråværet for elevane var på 4,6 prosent førre skoleår, litt høgare enn året før. Likevel var dette det lågaste i landet.

Aktivitetar og resultat

Gjennomføring

I 2018 nærma vi oss målet om at 79 prosent av elevane og lærlingane skal gjennomføre med bestått resultat etter fem år.

Gjennomføring etter fem år	Resultat 2012-kullet	Resultat 2011-kullet	Gjennomsnitt Norge 2012-kullet	Endring frå førre kull
Samla resultat for yrkesfag og studieførebuande	76,0 %	75,6 %	75,2 %	+ 0,8 %
Gjennomføring studieførebuande	90,1 %	89,1 %	87,7 %	+ 1,0 %
Gjennomføring yrkesfaglege utdanningsprogram	63,4 %	64,7 %	61,1 %	- 1,3 %

Gjennomføring av skoleåret 2017/2018 var den høgaste sidan målingane starta:

- Heile 87,6 prosent av elevane fullførte og besto dette skoleåret.
- Det var ei auke på 1,4 prosent frå året før.

Yrkesfag og lærepassar

Vi har hatt eit godt samarbeid med næringsliv og offentleg sektor for å auke talet på lærepassar, og i 2018 vart det godkjent 80 nye lærebedrifter.

Dei som ikkje fekk lærepass fekk tilbod om vg3 i skole eller påbygging til studiekompetanse.

Ved årsskiftet var det 2 409 lære- og opplæringskontraktar i 985 lærebedrifter i fylket

	2018	2017	Auke frå 2017
Del av vg1-elevane som starta på eit yrkesfagleg utdanningsprogram	54,0 %	52,0 %	+ 2,0%
Del av søkerar som fikk lærepass	72,0 %	67,9 %	+ 4,1%
Av 1662 gjennomførte fag- og sveineprøver besto:	96,1 %	93,8 %	+2,3 %
Inngåtte lære- og opplæringskontraktar	1350	1223	+ 127

Inntak av elevar

Målet om at 90 prosent av søkerane skal få innfridd sitt første ønske, er ikkje langt unna:

- På Vg1 fekk 89 prosent sitt første kursønske innfridd, noko som er to prosent høgare enn i 2017.
- 9 126 elevar med ungdomsrett fekk skoleplass skoleåret 2018/2019, ein nedgang på om lag 100 elever frå året før.
- 856 elevar med anna morsmål enn norsk fekk tilbod om skoleplass, ein auke på 351 elevar frå året før. 478 minoritetsspråklege elevar fekk tilbod om særskilt språkopplæring.

**Visste du at det kom inn klagar på 96 av totalt
70 652 standpunktakarakterar? 53 av klagarane fekk medhald.**

Kompetanseutvikling i sektoren

I 2018 gjennomførte vi kompetanseutviklingstiltak som

- fagdag for alle lærarar
- leiarsamlingar
- opplæring av instruktørar og opplæringsansvarlege for lærlingar i lærebedrifter

Vi deltok også i den nasjonale vidareutdanningsstrategien «Kompetanse for kvalitet».

Dei 21 faglege nettverka, rådgivarnettverk (vidaregåande opplæring og ungdomstrinnet) og oppfølgingstenesta gjennomførte ei rekke samlingar. Fagsamlingar og leiarsamlingar på fylkesnivå har hatt tema som elevurdering, psykisk helse og digital kompetanse. Vi har fått statlege prosjektmidlar til fagleg oppdatering av yrkesfaglærarar og lektor 2 for yrkesfag.

Brukarundersøkingar

Vi gjennomførte fleire brukarundersøkingar i 2018:

- **Elevundersøkinga** Resultata viser at det blir arbeidd godt med læringsmiljø, at det er god struktur på undervisninga og at elevane trivst godt. Den viste og at vi må arbeide vidare med utvikling av elevdemokrati og elevmedverknad.
- **Undervisningsevaluering for skoleåret**
- **Lærlingeundersøkinga og bedriftsundersøkinga:** Lærlingane trivst godt og meiner at læringskrav og læringsmoglegheiter er gode.

Resultata frå dei ulike undersøkingane blir brukt til utviklingstiltak i skolane, på sektornivå, i utdanningsavdelinga, i opplæringskontor og lærebedrifter.

Psykisk helse i skolen

Fleire ungdommar har utfordringar med psykisk helse. Dette er derfor eit satsingsområde for oss.

- VIP-makkerskap har som mål å betre det psykososiale klassemiljøet og dermed minke fråvær og fråfall i skolen. Erfaringane med tiltaket er svært gode.

- Klasselærarrådet blir brukt for å følge den enkelte eleven tett. God oppfølging, relasjonskompetanse og samarbeid mellom ulike grupper som arbeider med elevane, er viktig for å betre gjennomføringa og ivareta kvar elev.
- Innsatsteam mot mobbing: Tre vidaregåande skolar har delteke i prosjektet i 2018. Erfaringane er så gode at tiltaket no blir innført på alle dei vidaregåande skolane frå våren 2019. Tilsette vil få systematisk opplæring i tema og verktøy som skal brukast for å førebygge, avdekke og handle i mobbesaker.
- Psykisk helse har vore tema på samlingar for ulike grupper i skolen, mellom anna for alle skoleleiarane.

Yrkes- og utdanningsrettleiing i grunnopplæringa

I 2018 gjennomførte vi karrieredagar og hospitering for alle elevar på 10. trinn i grunnskolen og elevar med minoritetsbakgrunn ved kommunane sine ressurscenter.

Målet er å motivere og bevisstgjøre elevane slik at dei skal velje rett utdanningsprogram og fullføre vidaregående opplæring.



Visste du at 9126 elevar med ungdomsrett fekk skoleplass i 2018?

Internasjonalisering

I 2018 fekk vi, på vegner av skolar og opplæringskontor, innvilga søknad om midlar frå Direktoratet for Internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning. Midlane skal brukast til utplassering og hospitering i utlandet for elevar, lærlingar, fagskolestudentar og tilsette i fag- og yrkesopplæringa. Dette har styrka interessa for å delta i internasjonale prosjekt, og tal på lærlingar som får utplassering i utlandet har auka frå fem til tjue i året.

Andre aktivitetar:

- medverknadsorgan for ungdom etter initiativ frå ungdomspanelet
- kontaktseminar for EØS-midlane i Bucuresti
- internasjonalt seminar for skolane og opplæringskontora for kunnskapsspreiing/ erfaringsdeling.

Fleire skolar er no deltakarar i internasjonale aktivitetar og internasjonalt samarbeid.

Karriere Møre og Romsdal

I 2018 gjekk karriererettleiingstenesta for vaksne, Karriere i Møre og Romsdal, inn i sitt fjerde år. Hovudoppgåva er individuell rettleiing for vaksne over 19 år, men dette året har det vore fleire unge som har søkt karriererettleiing.

- Det var gjennomført om lag 500 individuelle rettleiingar.
- Det har vore kurs for bedrifter i nedbemanning og omstilling, og søkerkurs for elevar på vg2 som skal søke lærepass.
- Vi har samarbeidd med NAV om å få fleire vaksne i utdanning eller arbeid.

Vaksenopplæring innafor vidaregåande opplæring

Åtte av dei vidaregåande skolane i fylket har hatt tilbod om ulike yrkesfaglege kurs til vaksne, fire har hatt tilbod om generell studiekompetanse.

Vi gjennomførte:

- 600 realkompetanseurderingar
- 52 ulike kurs for meir enn 700 elevar

Dette er ein markant nedgang frå dei tre førre åra. Hovudårsaken er at målgruppa har endra seg mykje dei siste to åra.

Vi har jobba med å utvikle tilbod innafor fleire yrkesfag i samarbeid med andre aktørar. Det er framleis flest vaksne innafor helse- og oppvekstfaga. Størstedelen er minoritetsspråklege, og vi arbeider no saman med kommunar og lokale NAV-kontor om ulike pilotprosjekt for å finne gode samarbeidsmodellar.

Dette skoleåret har vi også sett i gang eit pilotprosjekt innafor teknikk og industriell produksjon. Denne modellen skal vidareførast til andre fag dersom den er vellukka.

Fagskolane

Hausten 2018 var det totalt 368 studentar ved fagskolane, 262 i Ålesund og 106 i Kristiansund. Dette er ein nedgang på 26 studentar frå 2017. Søkinga til utdanningstilboda var omtrent som i 2017.

På grunn av låg søkering vart ikkje studiet i boring og havbotninstallasjonar i Kristiansund starta opp. Fagskolen arbeider med å utvikle nye tilbod både innan havromsteknologi og digital kompetanse. Dette held fram i 2019.

Vi har starta arbeidet med å utvikle organiseringa av Fagskolen i Møre og Romsdal. Arbeidet vil bli slutført våren 2019.

Mobbeombod og elev- og lærlingombod

Mobbeombod

I april vedtok fylkesutvalet å opprette ei stilling som mobbeombod. Mobbeombodet skal følge barn og unge i heile utdanningsløpet frå barnehage og grunnskole til og med vidaregåande opplæring. Oppgåvane til mobbeombodet er å støtte og rettleie barn, elevar og foreldre i saker om psykososialt miljø, jobbe førebyggande med informasjon og opplæring til barn, elevar og foreldre og skape dialog og bidra til god tverrfagleg oppfølging etter at saker er handtert. [Du kan lese meir om mobbeombodet her](#)

Elev- og lærlingombod

Elev- og lærlingombodet er til for å sikre unge sine rettar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. Ombodet skal hjelpe elevar og lærlingar om dei har spørsmål eller utfordringar knytt til vidaregåande opplæring på skole eller i bedrift. Elev- og lærlingombodet er mobbeombod for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Dette er eit gratis og uforpliktande tilbod for alle i vidaregåande opplæring. [Du kan lese meir om elev-og lærlingombodet her](#)

Begge omboda ligg administrativt i organisasjonsavdelinga.

Økonomi

Utdanningssektoren hadde ei samla driftsramme på 1,758 mrd. kroner, der 1,389 mrd. kroner var lønn (inkl. sosiale utgifter) til tilsette i sektoren. Totalt har sektoren eit samla mindreforbruk på 44,3 mill. kroner. Dei vidaregåande skolane hadde eit samla mindreforbruk på 36,1 mill. kroner, men fire av 23 vidaregåande skolar hadde eit meirforbruk. Fagskolane inkludert fagskolestyret hadde eit mindreforbruk på 1 mill. kroner. Når det gjeld dei andre rammene under utdanning, viser vi til rekneskapen for detaljar.

Satsingsområde i 2019

Vi skal:

- Arbeide for at fleire av vg2-elevane som søker får lærepllass. Målet for 2019 er at fleire enn 72 prosent av søkerane får lærepllass. Det langsiktige målet er 90 prosent.
- Auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Målet er at 79 prosent av dei som startar vidaregåande opplæring skal ha gjennomført med studiekompetanse eller fagbrev i løpet av 5 år.
- Indikatoren for rapportert mestring i elevundersøkinga skal vere 4 eller høgare og for trivsel 4,2 eller høgare (på ein skala frå 1 til 5 der 5 er best).

- Indikatoren for elevdemokrati og medverknad i elevundersøkinga skal vere 3,5 eller høgare (på ein skala frå 1 til 5 der 5 er best).
- Oppretthalde og vidareutvikle eit godt fagtilbod ved fagskolane våre og arbeide for å styrke rekrutteringa av studentar.

Samferdsel

Fylkeskommunen er største vegeigar i fylket. Dette inneber drift og vedlikehald av fylkesveg, tunnelar, bruer og ferjekaier. Vi har også ansvar for buss, hurtigbåt og ferje i fylket gjennom kollektivtilbodet FRAM med over 20 mill. kollektivreiser i året.

- 3100 kilometer fylkesveg
- 61 tunnelar
- 1100 bruer
- 57 ferjekaier
- 20 ferjesamband
- 5 hurtigbåtsamband
- 180 bussruter og bestillingstransport

Kort oppsummert

- Nordøyvegen vart vedtatt i fylkestinget
- Ny skoleskyssportal vart tatt i bruk skoleåret 2018/2019
- Stortinget har vedtatt at delar av SAMS vegadministrasjon skal overførast til fylkeskommunane
- Fylkeskommunen var ein av vinnarane av Samferdselsdepartementet sin konkurranse «Samarer Transport i Norge». Prosjektet fekk tildelt 12,5 mill. kroner.

Aktivitetar og resultat

Kollektivtransport

For å gjøre informasjon om kollektivtransporten i fylket lettare tilgjengelig for dei reisande vart sanntidsinformasjon levert på alle bussar i Kristiansund, Molde og Ålesund. Alle skjermar som gir ruteinformasjon rundt om i fylket vart erstatta av responsive skjermar og arbeidet med å levere QR-kodelesarar på buss og hurtigbåt vart starta.

I mai starta det opp eit utvida busstilbod for kommunane Ålesund, Giske og Sula. Framover vil tilbodet i Kristiansund og Molde bli prioritert.

Det har blitt jobba med ny takst- og sonestruktur for buss. I arbeidet med ny takststruktur har vi sett på kva konsekvensar det vil ha for fylkeskommunen å redusere talet på takstsoner, tilsvarende det fleire andre fylke har gjort.

Fylkeskommunen oppretta fleire [FRAM Flexx-ruter](#), mellom anna på Smøla og i Ytre Fræna, der drosje no blir brukt i staden for buss. Dette er med på å auke køyregrunnlaget for distriktsdrosjene.

Frå skoleåret 2018/2019 gikk vi over til eit nytt elektronisk system for registrering av skoleskysslevar. Skoleskyssportalen behandler all skoleskyss for elevar, skolar og operatørar.

Travel like the locals fortsatte utviklinga frå 2017. Om lag 8000 turistar reiste med forhandskjøpt billett rundt om i fylket, ei auke på 23,25 prosent frå 2017. Samarbeidet med Gurisenteret vart vidareført og har gitt gode resultat. Salet av billettane som kombinerte inngang til Fru Guri av Edøy og transport til og frå Smøla auka med 59 prosent frå 2017.

I 2018 vart det starta opp eit utviklingsprosjekt for datavarehus/ BI-system. Målet er å kunne behandle dei store datamengdene vi har, slik at dei på best mogeleg måte kan brukast til å utvikle kollektivtrafikken i fylket. Det vart også starta opp eit forprosjekt for å sjå på mogleheitene innan transport til og frå lege, sjukehus og helseinstitusjonar.

I 2018 hadde frammr.no 6,5 millionar besøk

Ferjedrifta

I 2018 vart kontrakter for ferjesambanda på Indre Sunnmøre, «Romsdalspakken» og «Nordmørspakken» signert. Sju av dei tolv sambanda vil få satt inn elektriske ferjer når dei nye kontraktane starter opp. Fylkeskommunen har saman med Vestlandsrådet fått utarbeidd ein rapport som viser overføringer og kostnader knytt til ferjedrift og drift og investeringar i ferjekaier. Rapporten vart presentert for kommunalkomiteen på Stortinget.

Veggdirektoratet gjennomførte ei høyring om forslag til ny nasjonal ferjestandard. Det nye forslaget vil bli brukt i den såkalla «ferjenøkkelen» ved revidering av inntektssystemet frå 2020. Møre og Romsdal Fylkeskommune har ikkje vidareført arbeidet med eigen ferjestandard.

Hausten 2018 vart det lagt fram [ei sak om AutoPASS-regulativet til samferdselsutvalet](#). Saka omhandla konsekvensar for brukarane og for fylkeskommunen sine inntekter. Regulativet vart sendt ut på høyring til kommunar og andre interessentar. Det har blitt jobba vidare med å finne løysingar for å få på plass eit ferjesamband mellom Aure og Hitra. Frå 1.juli fekk el-bilar igjen redusert takst på fylkesvegferjesambanda i fylket.

Transportsystemet

Vedlikehaldsetterslepet er framleis den største utfordringa på vegnettet. I 2018 vart det gjennomført eit eige program for å forsterke utvalde strekningar.

Nordøyvegen vart vedtatt på fylkestinget i desember og kontrakt med entreprenøren vart signert. Arbeidet med forskjeringane for rassikringsprosjektet Korsmyra/Indreeide vart starta, og det vart gjennomført ein del mindre utbetringstiltak på bruer rundt om i fylket.


Bypakke Ålesund måtte gjennom ein ny prosess i den administrative arbeidsgruppa på grunn av vedtak om å legge inn Brosundtunnelen i bypakka. Ny politisk behandling av bypakka vil skje våren 2019.

Vissste du at vi har 3100 kilometer med fylkesveg?

Miljø og klima


For å kunne nå fylkeskommunen sitt overordna mål om 10 prosent reduksjon i klimautslepp innan 2020, i forhold til i 2009, har det blitt arbeidd med å utvikle ein ny metodikk for anbodsarbeid innan buss, båt og ferje.

Forbruksandel per samband



Ferjedrifta i fylket har størst potensial for å redusere klimagassutslepp. Figuren over viser energibehovet (i prosent) for dei ulike ferjesambanda.

Miljøkrava i dei nye ferjekontraktane gjer at fylkeskommunen har ein reduksjon på om lag 36.000 tonn CO₂ årleg når dei nye ferjene er i trafikk.



ENOVA har gitt tilslagn om støtte til ladeinfrastrukturen for el- ferjer for Sulapakken, Nordmørspakken, Romsdalspakken og Indre Sunnmøre.

Trafikktrygging

Furneskrysset og gang- og sykkelvegen mellom Amdam og Giskemo vart ferdigstilt. I begge prosjekta har kommunane har forsokt anleggskostnaden.

Trafikktryggingsarbeidet følgjer nasjonale og regionale føringer retta mot barn og ungdom under 16 år, ungdomsulykker og styrking av trafikktryggingsarbeidet. Eksempel på tiltak som vart gjennomført i 2018 er kampanjen «Barn i bil» og prosjektet Team#, som rettar seg spesifikt mot ungdom.

Økonomi

I 2018 brukte vi om lag 1,6 mrd. kroner til drift av kollektivtrafikken og fylkesvegane i Møre og Romsdal.

Kollektivtrafikk

Fylkesvegferjer	469 mill. kroner
Bussdrift	377 mill. kroner
Hurtigbåtar	116 mill. kroner
Totalt	961 mill kroner

I tillegg har fylkeskommunen om lag 488 mill. kroner i inntekter som i stor grad blir brukt til kollektivtenester.

Fylkesveg

Drift av fylkesvegar kosta vel 499 mill. kroner. Dette er fordelt på drift og vedlikehald.

På vedlikehald gjekk 79 mill. kroner til dekkelegging og oppmerking, vel 36 mill. til bru og ferjekai.

Det vart brukt om lag 741 mill. kroner til investering på samferdselsområdet. Det aller meste er knytt til fylkesvegar (nybygg/rehabilitering, rassikring og Nordøyvegen).

Satsingar i 2019

- Nordøyvegen
- Anbodsprosessar knytt til ferje og buss, samt arbeid knytt til oppstart av nye ferjekontraktar frå 2020.
- Nytt rutebilanbod i Ålesund, Sula og Giske
- Marknadstilpasning av kollektivtrafikken
- Prosjektet «Samartere Transport i Norge»
- Prosjektet «Nye løysingar for bygging og vedlikehald av bruer»
- Skredsikring

Kultur

Vi jobbar for eit aktivt kulturliv og ei god folkehelse i Møre og Romsdal. Sentrale fagområde er bibliotek, kulturvern, folkehelse og fysisk aktivitet, kulturformidling, frivillig sektor og kreative næringar.

Kort oppsummert

- Kick-off for verdiskapingsprogrammet Ein bit av historia med 140 deltagarar
- Vi har vedtatt beredskapsplan for kartlegging og sikring av arkeologiske funn i snøfonner ved sterkt snøsmelting
- Vi har vedtatt Kunstpolitikk for Møre og Romsdal som skal gi retning på arbeidet med dei profesjonelle kunstfelta
- Vi har vedtatt å søke om å bli programfylke for folkehelsearbeid i kommunane for å bygge meir kunnskap om psykisk helse og rusførebygging

Resultat og aktivitetar

Eit relevant og representativt kulturliv for alle

I 2018 har vi jobba for at fleire skal kunne delta i kulturlivet. Gjennom dialog, kurs og konferansar har vi samhandla tett med aktørane kulturlivet og delt ut økonomisk støtte gjennom ulike tilskotsordningar. Vi behandla 1250 søknadar innan 22 ordningar. Mellom anna fekk 120 organisasjonar driftstilskot. Midlane bidreg til å utvikle aktivitet og inkluderande lokalsamfunn. I alt er det delt ut 190 mill. kroner.

Gjennom Kultursekkene har 54 000 barn og unge i grunnskule og vidaregåande skule fått møte profesjonelle utøvarar med ulike kulturelle uttrykk. Det er også brukt 2 mill. kroner på å gi eldre kulturopplevelingar gjennom ordninga Den kulturelle spaserstokken. Kulturrabatt for unge har gitt unge mellom 15 og 20 år minst 25 prosent avslag på kulturopplevelingar. I 2018 vart det seld 17 500 billettar med kulturrabatt.

Vi har prøvd ut nye aktivitetar som skal styrke biblioteka sin posisjon som møteplass og arena for inkludering av nye grupper. To Makerspace-pilotar er sett i gang, i Vestnes bibliotek og i Ålesund bibliotek, på vegner av biblioteka i Nye Ålesund. Makerspace vert ofte forklart med skaperverkstad. Vi har også delt ut midlar til Molde bibliotek som skal prøve ut Fleirkulturell vert og auke bruken av frivillige.

Sju kunstnarar fekk tildelt kunstnarstipend. Det er også tildelt reisestipend for profesjonelle kunstnarar og stipend for husflid og handverk. Stipenda er ei prøveordning og ei oppfølging av kunstpolitikken som vart vedtatt i fjor.



54 000 barn og unge har fått tilbod gjennom Kultursekkene

Mangfold og inkludering for god folkehelse

Gjennom pilotprosjektet LIM ((Likeverd, inkludering og mangfold) har vi jobba med frivillig sektor for å stimulere til engasjement og mangfold i kulturlivet og folkehelsearbeidet. VOFO (Voksenopplæringsforbundet) har fått ansvar for drifta og har tatt over behandling av tilskotsordninga Prosjekt frivillig fleirkulturell verksemd i perioden 2018-2020.

I 2018 vart det nasjonale treårige prosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse avslutta. Prosjektet har mellom anna bidratt til at det er lettare å sjå samanhengar i det lokale folkehelsearbeidet og auka kunnskap om kva som skaper trivsel og

livskvalitet i nærmiljøet.

Vi vedtok å søke om deltaking i det nasjonale folkehelseprogrammet. Det nye programmet har barn og unge og psykisk helse som tema. Samarbeid med kommunane vil vere sentralt, og programmet går til 2024.

Idrett og friluftsliv

I 2018 delte vi ut 81,5 millionar kroner i spelemidlar til 118 anlegg for fysisk aktivitet og tre kulturygg, for å styrke deltaking både i den organiserte og i den uorganiserte aktiviteten.

For å hindre fråfall i fritidsaktivitetar, tok vi initiativ til prosjektet Jenteløftet. Morotur.no utviklar meir brukarvenlege nettsider og gjer datasett tilgjengeleg for andre. I tillegg er StikkUt-turane i 15 kommunar omsett til engelsk.

Renovasjon, vedlikehald og skjøtsel av offentleg eigde friluftsområde langs kysten er primær oppgåvane til Skjærgårdstjenesten som no er under etablering i fylket. Dei skal også drive informasjons- og haldningsskapande arbeid og utføre oppsynsoppgåver.

Visste du at vi delte ut 81,1 millioner i spelemidlar i 2018?

Kulturarven som verdiskapar

I 2018 sette vi i gang Ein bit av historia, som har som mål å auke verdiskapinga langs dei historiske ferdsselsårene Den Trondhjemske Postveg og pilegrimsleiene. Prosjektet skal gå over ti år, og satsingsområda er digitalt formidlingsunivers, forsking og innovasjon og stads- og næringsutvikling. Kick-offen trekte 140 deltakrarar.

Vi vedtok også ein beredskapsplan for kartlegging og sikring av arkeologiske funn som dukkar opp i snøfonner ved sterkt snøsmelting. Fonnefunn er eit tverrvitskapleg forskingsfelt, og vi har fått gode tilbakemeldingar på arbeidet frå ulike forskingsmiljø, på tvers av landegrenser og fagfelt. Gjennom prosjektet Dig-it har vi blitt med i eit større, nasjonalt forskingsprosjekt (ADED) om framtidige løysingar for dataflyt og integrasjon. Her har vi hatt stor innverknad på nasjonale prosessar.

Økonomi

Netto driftsramme til kultur var på 130,5 mill. kroner. Av desse var 89,143 mill. kroner brukt til kulturtildskot. I tillegg til driftsramma forvalta avdelinga statlege verkemiddel på 110 mill. kroner til regionalt utviklingsarbeid i 2018. Mellom anna:

- 96,7 mill. i tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, lokale kulturygg, Kultursekk i grunnskule og vidaregåande skule.
- 5,8 mill. til tilrettelegging og sikring av friluftsområde
- 7 mill. kroner til fredag bygg og anlegg og verdsarv
- 0,5 mill. kroner i mindre prosjektilskot

I tillegg har avdelinga inntekter knytt til Kultursekk, Møremusikarordninga og arkeologi på omlag 16,2 mill. kroner.

Satsingar i 2019

Vi skal

- vedta Ung Kulturkonvensjon
- kartlegge tilstanden til Den Trondhjemske Postveg (Ein bit av historia)
- vedta ny politikk for spelemiddelfinansierte anlegg for idrett og friluftsliv
- tildele tilskot til lokale og regionale kulturaktørar

- utvikle nye arbeidsmetodar og tenester for inkludering og mangfold i deltaking i kunst- og kulturliv (Publikumsutvikling 2019-2020)

Regional- og næringsutvikling

Fylkeskommunen jobbar med nærings- og samfunnsutvikling, i samarbeid med kommunar, næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø. Vi jobbar særleg med by- og tettstadutvikling, berekraftig bruk av naturressursane, styrking av kompetanseområdet, entreprenørskap og fleire innovative bedrifter.

Kort oppsummert

- Vi løvvde 23,6 mill. kroner frå Byutviklingsfondet til byutvikling i Ålesund, Molde og Kristiansund. Tildelinga utløyste i tillegg 49 mill. kroner frå andre samarbeidspartnarar til dei same byutviklingsprosjekta.
- Vi henta inn 48 mill. kroner i nasjonale og internasjonale konkurransar til utviklingsprosjekt i Møre og Romsdal.
- 700 personar har delteke på etablerarkurs i hoppid.no (100 fleire enn i 2017), og vi har i tillegg gjennomført kurs og utvikla mentor-ordning for fleirkulturelle gründerar.
- Vi har tildelt 20,8 mill. kroner til breibandutbygging, slik at 700 husstandar utan breiband får tilgang, og 180 husstandar får eit mykje betre tilbod.

Aktivitetar og resultat

Møre og Romsdal skal ha attraktive byregionar og tettstadar

I 2018 støtta vi utviklingsprosjekt i Ålesund, Molde og Kristiansund med 23,6 mill. kroner gjennom Byutviklingsfondet. I tillegg utløyste tildelinga over 49 mill. kroner frå andre samarbeidspartnarar. I prosjektet Byen som regional motor, har vi deltatt i konkrete utviklingsprosjekt og lagt til rette for at byane kan dele kompetanse og erfaring med kvarandre.

Gjennom Tettstadprogrammet har vi gitt arkitektfagleg hjelp, delt ut 6,5 mill. kroner i støtte og vore medspelar i prosjekt i seks kommunar. I prosjekta legg vi vekt på at det offentlege og private skal samarbeide, og at innbyggjarar skal delta i utviklingsarbeidet. Barn og unge er ei viktig målgruppe, og i 2018 har vi utvikla ein rettleiar for korleis vi kan involvere barn og unge i arbeidet.

Visste du at vi henta inn 48 mill kroner til utviklingsprosjekt i fylket gjennom nasjonale og internasjonale konkurransar?

Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv

Fylkeskommunen arbeider vi for at fleire bedrifter og kommunar skal sette i gang forskingsbasert innovasjon. Gjennom MobPro-ordninga har 22 bedrifter og 4 kommunar i 2018 starta forskings- og innovasjonsprosjekt i samarbeid med forskingsmiljø. Fleire av desse prosjekta blir vidareført i større forskingsprosjekt. For å hjelpe kommunane i gang med forskings- og

innovasjonsprosjekt, har vi saman med helseføretaket i 2018 etablert eit 'idémottak' der tilsette i helse- og omsorgssektoren og andre kan melde inn behov og idear til nye løysingar

Gjennom Regionalt-Forskningsfond Midt-Norge fekk 16 prosjekt i Møre og Romsdal 13,5 mill. kroner i støtte.

Vi har jobba med å utvikle næringsretta utdanningstilbod ved Campus Kristiansund. I 2018 utløyste vi 1,7 mill. kroner til to utviklingsprosjekt for Fagskolen i Kristiansund.

Fylkeskommunen støttar utvikling av bedriftsnettverk og klyngeprosjekt i heile fylket. I 2018 fekk Blue Legasea NCE-status, som er viktig for å bygge opp under Møre og Romsdal sin posisjon som nasjonalt og internasjonalt tyngepunkt i biomarin næring.

I 2018 har vi henta inn 48 mill. kroner frå eksterne finansieringskjelder:

- For å utvikle tenestene våre og samtidig legge til rette for innovasjon i næringslivet, henta vi mellom anna inn 8 mill. kroner frå Innovasjon Norge til nye løysingar for vedlikehald og bygging av fylkeskommunal bruer.
- Vi fekk tilslag på 12,5 mill. kroner frå Samferdselsdepartementet til å utvikle framtidsretta persontransport på sjø, og lage løysingar for å koble autonome båtar i byområda til kollektivtransporten på land.
- Vi søkte og fekk 14 mill. kroner frå EU for å leie det internasjonale prosjektet One Stop Shop som skal utvikle gründertenesta.
- Vi henta 3,7 mill. kroner frå EU til eit prosjekt om ungdom og grøne arbeidsplassar.

Møre og Romsdal skal ha ein berekraftig bruk av naturressursane

Vi løyser fleire forvaltningsoppgåver for berekraftig bruk av naturressursar, som planmyndigkeit for Vassområde Møre og Romsdal, og vi forvaltar oppgåver etter akvakulturlova, havressurslova og andre miljøoppgåver. I 2018 ga vi 25 konsesjonar for oppdrettsanlegg, og heile 53 lærlingkvotar for fiskeri.

Fylkeskommunen er pådrivar for å redusere marin forsøpling, og i 2018 henta vi, saman med våre samarbeidspartar, inn 5,5 mill. kroner frå Miljødirektoratet til arbeidet rundt om i fylket.

Vi leier prosjektet «Pilot for marin naturtypekartlegging på Søre Sunnmøre», som utviklar ny metodikk for å kartlegge plante- og dyreliv og miljø i sjøen, og vil gje unike kart over den marine naturen på Søre Sunnmøre. Resultatet vil danne grunnlag for vidare kartlegging av marin natur i Noreg.



Visste du at vi har tildelt over 20 mill. kroner til breibandsutbygging?

Økonomi

Regional og næringsavdelinga hadde i økonomiplan 2018 ei driftsramme på 108,3 mill. kroner. Av denne er 63,7 mill. kroner løyvingar til å støtte byutvikling, forskningsutvikling, organisasjoner og reiseliv. Fylkeskommunalt tiltaksfond, som går til utviklingsprosjekt i fylket, utgjorde 13,2 mill. kroner. Inklusive tidlegare overføringer har vi eit mindreforbruk på 7,7 mill. kroner, men 4,7 mill. kroner av dette er disponert gjennom politiske vedtak, men har enno ikkje blitt utbetalt. Det betyr at det reelle mindreforbruket er 3 mill. kroner

Støtte til regionalt utviklingsarbeid i 2018

Mottakar /tiltak	Beløp
Innovasjon Norge til bedriftsretta utvikling	26,6 mill. kroner *

Mottakar /tiltak	Beløp
Kommunale næringsfond	6 mill. kroner *
Regionale utviklingsprosjekt	30,5 mill.kroner *
Rekruttering og kompetanseheving landbruk	1,3 mill. kroner
Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond	0,4 mill.kroner
Viltfond	0,4 mill. kroner
Vassmiljøtiltak	1,1 mill. kroner
Tilskot til breibandutbygging	20,8 mill.kroner

* Regionale utviklingsmidler, totalt 63,1 mill. kroner

Satsingar i 2019

- Utlyse 26,6 mill. kroner til utviklingsprosjekt i Ålesund, Molde og Kristiansund gjennom prosjektet Byen som regional motor
- Teste ut digital rettleidingsteneste for nyetablerarar i Møre og Romsdal
- Starte opp arbeidet med fire pilotprosjekt der bedrifter innan mat, kultur og reiseliv går saman for å utvikle totalopplevelingspakkar
- Førebu ansvaret for nye oppgåver til fylkeskommunen frå 1.1.2020 innanfor næringsutvikling, kompetanse og integrering
- Etablere Kompetansealliansen som møteplass mellom utdanningsmiljø og arbeidsliv for å utvikle arbeidslivsretta utdanningstilbod

Tannhelse

Den offentlege tannhelsetenesta driv helsefremmande og førebyggande arbeid. Vi gir gratis tannbehandling til

- barn og unge
- psykisk utviklingshemma
- eldre
- og uføre i institusjon og heimesjukepleie og
- personar i kommunal og statleg rusomsorg.

Kort oppsummert

- Vi har hatt tilsyn med og gitt tannbehandling til 72 474 innbyggjarar.
- Vi har innført nye rutinar for samarbeid mellom tannhelsetenesta og barnevernstenesta for å avdekke omsorgssvikt hos barn og unge
- Vi har revidert samarbeidsavtalen med helsestasjonar, skolehelsetenesta og helsestasjon for ungdom
- Vi har utdanna 17 nye tannhelsesekretærar i samarbeid med Borgund VGS gjennom eit samlingsbasert og komprimert utdanningsløp for elevar med vaksenrett.
- Vi har etablert Kristiansund Kjeveortopedisk klinik.
- Vi har hatt leiaropplæring for alle klinikkleierarane.

Aktivitetar og resultat

Vi skal styrke innsatsen for pasientgruppene med rettar etter tannhelselova.

Der legg vi vekt på:

- Kvalitet og pasientsikkerheit
- Robuste kompetansemiljø
- Ei berekraftig klinikkorganisering
- Folkehelsearbeid og samhandling med kommunane



50 495 barn og unge opp til 18 år fekk tannbehandling 2018


God kvalitet og pasienttryggleik

Prioriterte grupper er barn og unge, ungdom, psykisk utviklingshemma, eldre og uføre i institusjon og i heimesjukepleie. I 2018 var 72 474 personar under tilsyn av den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal. Dette utgjer 28 prosent av alle innbyggjarane i fylket. Den største gruppa er barn og unge opp til 18 år, med 50 495 personar, som gir ein dekningsgrad på 98 prosent. Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og i heimesjukepleie under tilsyn utgjer 5 610 personar. Eldre og uføre i institusjon har ein dekningsgrad på 88 prosent i 2018, medan 78 prosent av eldre i heimesjukepleie er under tilsyn. Av totalt 1 056 personar med psykisk utviklingshemming over 18 år, var 1 014 under tilsyn i 2018. 9 927 vaksne, betalande pasientar nytta også den offentlege tannhelsetenesta.

Innkallingsintervalla er basert på eit individuelt behandlingsbehov. I snitt er det 18 månader mellom kvart besøk barn og unge har på tannklinikken. Risikopasientar blir kalla inn på tannklinikken hyppigare for oppfølging.

Karies blir brukt som indikator for å synleggjere tannhelstilstanden. 94 prosent av 3-åringane og 83 prosent av femåringane i fylket er heilt utan karies i 2018, noko som er litt betre enn landsgjennomsnittet. Både for 12- og 18-åringane er tala for fylket därlegare enn for landet elles. 52 prosent av tolvåringane var utan karies i 2018, medan landsgjennomsnittet ligg på 60 prosent. Blant 18-åringane er det 21 prosent som ikkje har karieserfaring, mot landsgjennomsnittet som for 2018 var 27 prosent. Også her i fylket har det vore ei betring i tala for 18-åringane dei siste åra som mellom anna kan bli relatert til målretta kantinesatsing i dei vidaregåande skolane.

PROSENTDEL 5-,12- OG 18-ÅRINGAR UTAN KARIESERFARING 2004-2018



Tabellen viser kor mange prosent som er utan erfaring med karies.

Attraktive fagmiljø med høg fagleg standard

Vi hatt om lag 30 tilsettingar i 2018, og opplever stor turnover og mobilitet i stillingane. Nyutdanna tannhelsepersonell ønsker eit fagleg og sosialt arbeidsfellesskap, og det blir stadig meir utfordrande å rekruttere til stabilitet i ein tenestestruktur med mange små klinikkar.

Dyktige leiarar på alle nivå i tannhelsetenesta blir viktig for å løyse samfunnsoppdraget i lys av endrings- og utviklingsbehovet tenesta står framfor. Alle klinikkleiarane har vore gjennom leiaropplæring i 2018. tema har vore kva leiarrolla inneber og kva leiaråtferd som utviklar gode mellommenneskelege relasjonar

Kvalitativt gode og stabile tannhelsetenester innafor rimeleg reiseavstand

Ålesund kompetanseklinikk er stort sett ferdigstilt i 2018, og vil blir sett i drift i mars 2019. Klinikken vil ha kompetanse på dei fleste felt innan tanntmedisin.

Det kjeveortopediske tenestetilbodet på Nordmøre er styrka gjennom etablering av Kristiansund Kjeveortopedisk klinik i 2018. Nyutdanna kjeveortoped er tilsett og det er inngått driftsavtale med privatpraktiserande.

Det er i 2018 gjort vedtak om samanslåing av seks klinikkeiningar til tre større klinikkar. Dette for å styrke rekrutteringskrafta og sikre pasientane eit stabilt tilbod.

Vi utdanna 17 nye tannhelsesekretærar i 2018

Samarbeid og utvikling av gode løysingar for å sikre måla i folkehelsearbeidet

Eit godt tenestetilbod som tek vare på lovkrav og helsepolitiske mål er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommune og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom avtaler mellom partane om fordeling av ansvar og oppgåver og systematisk kunnskapsoverføring. Fylkeskommunen har over fleire år jobba målretta med å få eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommune og kommunale tenester. I 2018 fekk vi samarbeidsavtalar med barneverntenesta i kommunane for å avdekke omsorgssvikt hos barn og unge. Vi også revidert ein samarbeidsavtale med helsestasjonstenesta, som no er utvida til også å gjelde skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom. Den oral-helsefaglege undervisninga tannhelsetenesta har i vidaregåande skolar er formalisert, og tannhelsetilbodet til flyktningar, asylsøkarar og familiegjenforeinte er også revidert i 2018.

Tidlegare er det etablert samarbeid om

- kompetanseoverføring innan pleie- og omsorgstenester for eldre pleietrengande
- helsestasjonstenesta for barn
- undervisningsopplegg for ungdomsskole og vidaregåande skole
- tannhelsetilbod til personar med utviklingshemming
- rusmisbrukarar under kommunal omsorg.

Det utoverretta og førebyggande tannhelsearbeidet utanfor klinikke, i hovudsak utført av tannpleiarane, har auka frå 1 127 timer i 2017 til 1 872 timer i 2018.

Økonomi

Tannhelse har i 2018 ei samla driftsramme på 144, 5 mill. kroner og eit meirforbruk på 5,3 mill. kroner. Dei økonomiske rammene inneber ei underfinansiering av tenestene og gjer det nødvendig å halde stadig fleire årsverk med behandlarar vakante. Meirforbruket skuldast i hovudsak at det er tilsett for mange behandlarar. Ein annan forklaringsfaktor er lågare honorarinntekter som følge av at mange av behandlarane er nytildelte. For å sikre kvalitet og pasientsikkerheit med dagens økonomiske rammer, er det nødvendig å halde fram arbeidet med strukturendringar og samanslåing av klinikkar.

Satsingar i 2019

- Halde fram arbeidet med organisasjonsutvikling og strukturendringar. Vurdere konsekvensen av å slå saman klinikkar og innarbeide dette i økonomiplan 2020-2023.
- Redusere ventelistene for behandlinga av TOO-pasientar (tannbehandling for torturofre, overgrepsofre og personar med odontofobi) ved å etablere eit tverrfagleg behandlarteam og tilsette psykolog.
- Utvikle eit tverrfagleg samarbeid med Barnehuset i Ålesund for å styrke innsatsen for barn og ungdom som kan ha vore utsett for, eller vitne til vald eller seksuelle overgrep.
- Investere i to mobile behandlingseiningar i kvar kompetanseregion.
- Auke talet på timer med førebyggjande arbeid utanfor klinikkkane til minimum 1 500 timer.

Plan og analyse

Fylkeskommunen har som oppgåve å styrke den heilskaplege samfunnsplanlegginga i fylket. Vi leier arbeidet med regional planstrategi og fylkesplanen. Andre oppgåver er planrettleiing etter plan- og bygningslova, karttenester, statistikk og analyse.

Kort oppsummert

- Vi har i 2018 svart på 1 165 kommunale plansaker
- Vi har i 2018 gitt ut publikasjonane Fylkesstatistikk og kommunestatistikk, samt tre fagnotat (Barn og unge, Flyttestraumanes betydning og Eldre).
- Karttenesta Gislink er fornøya og forbetra
- Bringa Campus Kristiansund eit godt steg nærmare realisering
- Starta opp prosjektet Møre og Romsdal 2025 og skaffa kunnskapsgrunnlag om regional samhandling

Aktivitetar og resultat

Regional planlegging

Fylkeskommunen har starta arbeidet med ny [regional planstrategi](#) og [fylkesplan](#). Oppstartvarsel og planprogram vart lagt fram for fylkesutvalet i februar 2019. Vi deltek i KS sitt pilotprosjekt om utvikling av rolla som regional planmynde, prosjektet går ut 2020. Ei prioritert oppgåve i 2018 har vore å få integrert [handlingsprogramma](#) for fylkesplanen, og dei andre regionale planane, i økonomiplanen med budsjett. Frå 2019 har vi samla plan- og budsjettarbeidet i ein prosess og eit dokument. [Du kan lese meir om regional planlegging her](#).

Vissste du at vi behandla 1165 plansaker i 2018?

Planbehandling

I 2018 vart det behandla 1 165 saker

- 345 reguleringsplanar
- 66 kommuneplanar/-delplanar
- 2 kommunale planstrategiar
- 742 dispensasjonssaker

Av dispensasjonssakene var det 354 som gjaldt byggjeforbodet i strandsona. Blant dei store plansakene var til dømes felles sjøarealplan for Nordmøre, arealdelar i Skodje og Smøla, og kommuneplanens samfunnsdel i nye Hustadvika kommune. Det er ei markant auke i talet på dispensasjonar.

Det vart reist motsegn til 44 av plansakene. Det viktigaste grunnlaget for motsegner er framleis omsynet til

- kulturminne (31)
- omsynet til barn og unge (19)

- planfaglege manglar (22)

Det kan vere fleire motsegner i same sak. Ingen av sakene gjekk til mekling hos fylkesmannen. Alle motsegnssaker er løyst eller framleis i prosess. Tolv av dispensasjonssakene vart påklaga. Omsynet til kulturminne og til barn og unge var viktigaste grunnar for klage.

Det vart gjennomført fire samlingar i regionalt planforum, og ei samling for dei tre regionale plannettverk. I tillegg arrangerte vi saman med Fylkesmannen regional plan- og byggesakskonferanse, og saman med Ørsta kommune arrangerte vi ein konferanse om universell utforming. Vi har vore pådrivarar for og bidratt i KMD sitt arbeid med revidering av rettleiaren «Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven». Vi har og hatt ei samling for alle som er utpeika til barn- og unges representant i kommunane.

Arbeidet med samordna klima-, areal- og transportplan for Ålesundsregionen er kome i gong. Prosjektleiar er tilsett, og det blir arbeidd med planprogrammet.

Du kan lese meir om kommunal planlegging [her](#).

Visste du at Gislink hadde opptil 550 000 klikk per veke i 2018?

Regional statistikk og analyse

Vi utarbeider og formidlar statistikk om samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal. Denne blir nytta som kunnskapsgrunnlag til politiske vedtak, både i fylkeskommunen og i kommunane. Vi gir underlag til konkrete saksframlegg, planar og presentasjoner og leverer dei faste publikasjonane Fylkesstatistikk og Kommunestatistikk. I 2018 har vi i tillegg laga tre fagnotat:

- Barn og unge
- Flyttestraumanes betydning
- Eldre

Avdelinga støttar fagavdelingane i bruken av eigne data, vi hjelper til ved bestilling av eksterne utgreiingar og gjennomførte om lag 30 questbackundersøkingar i 2018.

Vi formidlar også regionale utviklingstrekk i innleiingar og foredrag på ulike regionale og nasjonale konferansar og møte. Samla har avdelinga halde rundt 70 foredrag i 2018. Avdelinga har også teke ei leiarrolle i vidareutvikling av fagnettverk for statistikk og analyse for fylkeskommunane. [På nettsidene til plan- og analyse finn du statistikk om viktige utviklingstrekk i kommunane i Møre og Romsdal](#).

Karttenester/GisLink

Kartportalen GisLink er ein av fylkeskommunen sine mest nytta nett-tjenester og kartdata. I 2018 vart Gislink totalt fornja. Vi har levert online karttenester til kartlegging av friluftsområder i fleire kommunar, og fleire karttenester i samband med ruteplanlegging. Vi har også levert bidrag til utvikling av ny skoleskyssportal, FramFlexx og til planlegging av kollektivtrafikken generelt. [Du kan lese meir om samordna kart- og fagdatateneste her](#).

Store prosjekt og satsingar

Fylkeskommunen har mange ulike prosjekt og satsingar. Her finn du ei oversikt over nokre av dei største satsingane og prosjekta som det blir arbeidd med no.

Campus Kristiansund

I 2018 har vi jobba med fagleg profil, med å bygge nettverk mellom FoU-aktørar, sikre statlege løyvingar og å vise fram prosjektet i møte, media og på internett. Det har også vore jobba aktivt mot verksemder som kan vere leigetakrar på campus, og mot dei private utbyggjarane av Campusområdet.

Regjeringa har dei siste to åra løvd til saman 150 nye studieplassar som er øyremerka høgskuletilbod i Kristiansund. Høgskulen i Molde har etablert nye utdanninger, og andre høgskular er og med. Næringslivet etablerte i 2018 ein tidleg versjon av vekstmiljøet i Campus Kristiansund. Campusprosjektet har skipa faglege møteplassar og bidrige i arbeidet med å rekruttere nye studentar.

[Du kan lese meir om Campus Kristiansund her](#)

Møre og Romsdal som eigen region mot 2025

Prosjektet Møre og Romsdal 2025 vart vedtatt i fylkesutvalet i april 2018. Målet for prosjektet er at offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal skal vere godt samordna og vere ein sterkare utviklingsaktør for fylket. Prosjektet er eit samarbeid med Fylkesmannen, regionale statlege aktørar og kommunar.

Hovudinnsatsen i arbeidet har vore prosjektutvikling, forankring, medverknad og etablering av møteplassar for utvikling av nye samarbeid. Prosjektet og prosjektaktivitetane har fått god mottaking, og aktivitetsnivået i prosjektet har vore høgare enn forventa. Foreløpig høgdepunkt i prosjektet var Nyttårskonferansen i januar 2019, med mange deltagarar og stort engasjement. [Du kan lese meir om prosjektet og Nyttårskonferansen 2019 her](#)

Ein bit av historia

Vi skal jobbe for at kulturturisme skal bli heilårsnæring: Verdiskapingsprogrammet 'Ein bit av historia' skal stimulere til at det veks fram nye tilbod, oppleveligar og arbeidsplassar som bygger på historia og kulturarven vår langs historiske strekningar i Møre og Romsdal, som Valldalsleia, Den Trondhjemske postvei, og Kystpilegrimsleia.

4. desember vart det arrangert avspark for satsinga, og i 2019 blir det mogeleg å søke om støtte til tiltak og prosjekt. [Du kan lese meir om satsinga på kulturturisme og kulturarv her](#)

Reiseliv, mat og kultur 2018 -2020

Møre og Romsdal er eit attraktivt reisemål, og turistane spør etter det autentiske og "det lille ekstra". Lokale mattradisjonar er ein viktig del av kulturen vår. Å kunne tilby tilreisande og lokalbefolkninga gode matopplevelingar, er viktig for auke lønsemda i reiselivsnæringa og styrke Møre og Romsdal som opplevingsfylke.

Prosjektet skal bidra til auka lønsemdu og verdiskapning i lokalt næringsliv. Det skal også bidra til fleire tilrettelagte opplevelingar gjennom riktig og auka samhandling mellom mat-, kultur- og reiselivsaktørar, der mat og drikke blir produsert med lokale råvarer og basert på lokale mattradisjonar.

I 2018 har vi sett i gang fire samarbeidsprosjekt for å kombinere mat, kultur- og naturopplevelser og utvikle reiselivsprodukt; «Smaken av Smøla», «Opplevelser i fossenes rike», «Opplev Tingvoll» og «Smaken av Sunnmøre».

[Du kan lese meir på prosjektsida til reiseliv, mat og kultur 2018-2020](#)

Fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal

Fylkeskommunen har derfor tatt initiativ til å etablere eit eige prosjekt som skal arbeide med å få fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal. Formålet er at eit større innslag av statlege arbeidsplassar i arbeidsmarknadane i Møre og Romsdal, vil gjere dei både meir attraktive og robuste.

Bakgrunnen for prosjektet er at Møre og Romsdal treng fleire statlege arbeidsplassar. Fylket har 4.000 færre statlege arbeidsplassar enn snittet for dei andre fylka, målt etter storleik på arbeidsmarknaden. Dette utgjer nesten like mange arbeidsplassar som Møre og Romsdal mista i nedturen i olje- og leverandørnæringane dei siste 2-3 åra. 4.000 arbeidsplasser representerer ei direkte årleg innsprøyting i den regionale økonomien i fylket på 2 milliardar.

[Les meir om prosjektet her](#)

Nordøyvegen

Nordøyvegen er det største utbyggingsprosjektet for Møre og Romsdal fylkeskommune nokon gong. Nordøyvegen vil etablere fast vegsamband til Lepsøya, Haramsøya, Skuløya/Flemsøya og Fjørtofta og Harøya/Finnøya, og gi fastlandssamband til om lag 2700 personar.

Prosjektet er vedtatt av fylkestinget i 2018 med ei kostnadsramme på 5,1 mrd kroner. Fylkeskommunen er vegeigar, og Statens vegvesen har prosjektansvaret for utbygginga. Nordøyvegen er planlagt ferdigstilt i 2022.

[Les meir om prosjektet](#)


Byen som regional motor

Arbeidet med utvikling av byane i fylket, skjer gjennom prosjektet "Byen som regional motor".

Målet er å styrke attraktiviteten i byane Kristiansund, Molde og Ålesund og stimulere til vekst og utvikling. Det er også eit mål at byane tek rolla som regional motor og trekk med seg omlandet i utviklinga. Attraktive bysentra, samferdsel og kollektivsatsing, og kompetansemiljø og utdanning er satsingsområde for byutviklingsprosjektet. [Du kan lese meir om prosjektet her](#)

Slik er vi organisert

Administrativ organisering || Møre og Romsdal fylkeskommune



Kart som viser politisk organisering finn du under Politikk

Leiargruppa til fylkesrådmannen

- Ottar Brage Guttelvik, fylkesrådmann
- Gunn Randi Seime, assisterende fylkesrådmann
- Nils-Gunnar Solli, organisasjonssjef
- Gudmund Lode, juridisk sjef
- Ole Helge Haugen, fylkesplansjef
- Erik Brekken, fylkesutdanningssjef
- Arild Fuglseth, samferdselssjef
- Heidi-Iren Wedlog Olsen, fylkeskultursjef
- Bergljot Landstad, regional- og næringssjef
- Anthony Normann Valen, fylkestannlege
- Per Olaf Brækkan, bygg og eigedomssjef

Andre som møter fast:

- Inger Johanne Moene, kommunikasjonssjef
- Robert Løvik, seksjonsleiar administrativ seksjon

- Dag Lervik, prosjektsjef omstilling 2020
- Rune Solenes Opstad, prosjektfagleiar
- Willy Sægrov, økonomisjef


Tilsette og årsverk i tal

Ved slutten av 2018 hadde Møre og Romsdal fylkeskommune 2516 tilsette og 2252 årsverk. Dette er ein nedgang på 26 tilsette og 20 årsverk frå året før. Delen av kvinner held seg stabilt, med ein auke på 0,9 prosent.

Per 31.12.2018

Tal på årsverk


● Series 1



Per 31.12.2018

Tal på tilsette

Totalt Kvinner Menn




Talet på tilsette i deltidstilinger har gått ned fra 821 til 753 på fire år.

Per 31.12.2018


Tal på tilsette i deltidstillingar

Totalt Kvinner Menn



Tilsette og årsverk fordelt på sektor

● Bygg og vedlikehald, drift* ● Sentraladministrasjonen** ● Skole ● Tannhelse




* Driftspersonale i bygg og eigedomsavdelinga

** Sentraladministrasjon er inkludert fellesstesta og kontrollsekretariat

Per november 2018


Kjønnsfordeling i dei ulike sektorane

● Kvinner ● Menn



Kvinner og menn i leiande stillingar

● Kvinner ● Menn




Som leiande stillingar reknar vi her fylkesrådmann, assisterande fylkesrådmann, kontrollsjef og leiarane for tenesteområda samferdsel, utdanning, regional- og næring, kultur og tannhelse.

Per november 2018

Gjennomsnittsalder på tilsette


● Kvinner ● Menn ● Totalt




Per november 2018

Sjukefråvær 2010-2018

● Series 1



Sjukefråvær i ulike aldersgrupper fordelt på kjønn



Organisasjonsutvikling

Med over 2500 tilsette fordelt på større og mindre lokasjoner i heile fylket, er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgivarane i Møre og Romsdal. For at fylkeskommunen skal levere tenester av høg kvalitet, er gode støttefunksjonar avgjerande.

Arbeidsgivarpolitikk i 2018

Arbeidsgivarpolitikken står i sentrum for utvikling av organisasjonen vår. Her er det ei tett kopling til oppgåveløysing og tenestekvalitet.

Viktige tiltak er:

- introduksjon av nye leiarar og medarbeidarar
- leiarutvikling
- leiardialog
- personalseminar
- opplæringstiltak
- konferansar
- OU-tiltak

I 2018 starta vi opp utvikling av organisasjonen til overføringa av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til Møre og Romsdal fylkeskommunen frå og med 1. januar 2020.

Arbeidsgivarpolitikk-konferansen legg kvart år føringar for å kunne møte utviklingstrekk i organisasjonen og i omgjevnaden. Tema på arbeidsgivar-politikk-konferansen 2018 var mellom anna regionreform 2025, omstilling 2020, innovasjon-og omstillingeskultur og digitalisering.



**300 leiarar, tillitsvalde og verneombod
deltok på arbeidsgivarkonferansen i 2018**

Nye etiske retningslinjer

Nye etiske retningslinjer vart vedtatt i fylkestinget i oktober. Dei nye etiske retningslinjene bygger på fylkeskommunen sitt verdigrunnlag, og er delt inn i fem hovudtema:

1. Verdigrunnlaget
2. Medarbeidarskapet
3. Profesjonalitet
4. Ytringsfridom og varsling
5. Etisk refleksjon

Forslaget til dei nye retningslinjene vart utarbeidd av ei arbeidsgruppe, gjennom ein intern prosess der det var lagt til rette for alle tilsette kunne kome med innspel.

Du finn dei etiske retningslinjene på intranettet til fylkeskommunen

Kompetanseutvikling

Kompetansestyring er eit viktig verktøy for leiarar til å utvikle medarbeidarane sin kompetanse i takt med utviklingstrekka i organisasjonen og omgivnadene. Kompetanseutvikling skal skje etter prinsippa om kompetansestyring. Rekruttering og handtering av overtal er eksempel på organisasjonsutvikling styrta av kompetansebehov og mål for eit fagområde.

Fylkesakademiet sin kurskatalog for 2018 er kompetansetilbod på arbeidsgivar- og organisasjonsområdet. Her vart det presenterte eit breitt utval av kompetansetilbod til målgruppene.

Kurskatalogen gir kvart år faste kompetansetilbod som

- arbeidsgivarpolitikk-konferansen
- HMS-kurs
- kommunikasjon
- språk
- økonomi
- juridiske og administrativ fagutvikling
- kompetanseutvikling på digitale verky

E-læringskursa har også eit stort omfang. Fylkesakademiet sitt læringsnettverk drøftar organisasjonen sine kompetansebehov og gir retning for kompetansetiltaka i kurskatalogen.

Hovudsamarbeidsutvalet vedtok i møte 19. desember 2018 innrettinga av kompetansetiltaka for 2019. I 2019 bli det i tillegg arbeidd vidare med utvikling av digital opplæringsportal, og utvikling av obligatoriske kurspakkar for definerte målgrupper.

HMS

Arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS) er ei prioritert oppgåve. Gjennom eit godt utvikla kvalitetssystem er lokal HMS-dokumentasjon frå alle einingane våre samla og tilgjengeleg for alle tilsette på intranett. Gjennom årlege evalueringar av HMS-dokumentasjonen, har vi det siste året sett ei betring av kvaliteten. I 2018 var det nær 85 prosent av dokumentasjonen som fylte krava.

Vi arbeider kontinuerleg med å få alle innhaldselementa i dei lokale HMS-mappene oppdatert med dei krava vi har sett for HMS. HMS-arbeidet er knytta tett opp mot kvalitetsstyring. Det er viktig at korrigerande og risikoreduserande aktivitetar blir sett i verk så snart som råd. Vi har skjerpa inn krav om at alle må ha eit operativt HMS-årshjul ved starten av året, og at bedriftshelsetenesta skal delta på minst fire AMU-møte kvart år. Dette er i tråd med forskriftene. Vi har intensivert arbeidet med å redusere sjukefråveret innan tannhelse. Gjennom den modulbaserte HMS-opplæringa og e-læringsmodular har vi sett søkelyset på risikovurderingar og at HMS-arbeidet skal vere risikostyrt. [Du kan lese meir om HMS-arbeidet i HMS årsrapport](#)



93 prosent av dei tilsette svarte på medarbeidarundersøkinga i 2018

Arbeidsmiljø

Hausten 2018 gjennomførte vi ei medarbeidarundersøking (MTM) blant alle tilsette. Undersøkinga hadde svært god oppslutning, med ein svarprosent på 93 prosent. Hovudfunna frå undersøkinga viser at medarbeidertilfredsheten og -engasjementet i Møre og Romsdal fylkeskommune er veldig god. Dei tilsette gir uttrykk for at dei trivst på jobb, viser høg arbeidsglede og det er få tegn på negativt stress og utmatting. Møre og Romsdal fylkeskommune blir også vurdert positivt som organisasjon. [Du kan lese meir om undersøkinga her](#)

Rekruttering

Fylkeskommunen tilsette omlag 250 nye medarbeidrarar i 2018. Gjennom rekruttering viser vi oss fram som arbeidsgivar, og vi stiller krav om høg profesjonalitet gjennom heile rekrutterings-prosessen. I regi av fylkesakademiet er det også i 2018 gjennomført kurs i rekruttering for leiarar og tilsettingsutval.

Lønsutvikling

I 2018 er det gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i HTA kapitel 3 og 5, der all lønsdanning skjer lokalt. Før forhandlingane vart det gjennomført fleire lønspolitiske drøftingsmøte. Forhandlingsklimaet med organisasjonane er godt, og det vart ingen forhandlingsbrot. Gjennomsnittleg lønsutvikling i kap. 3 var på 2,83 prosent, og i kap. 5 på 2,79 prosent. Ramma for den sentrale reguleringa i kap. 4 vart stipulert til ei gjennomsnittleg lønsutvikling på 2,8 prosent.

Partsamarbeid

Fylkeskommunen legg vekt på gode [samarbeidstilhøve mellom partane i organisasjonen](#). Det er etablert mange møteplassar for informasjon, drøfting og samarbeid på ulike nivå i organisasjonen. Hovudsamarbeidsutvalet er arena for partane sentralt, og i 2018 vart 37 saker behandla i utvalet. I tillegg blir tillitsvalte og verneombod inviterte til å delta på viktige møteplassar som læringsnettverk, kompetansetiltak og i arbeidsgrupper for utforming av retningslinjer og organisasjonsutvikling.

Innkjøp- og anbodskonkurranser

Det er lagt ned store ressursar i arbeid med innkjøp/anbodssaker/bistand under oppfølging av store utbyggingssaker, samferdselssaker og arbeid med informasjonstryggleik for heile organisasjonen.

Innkjøpsseksjonen har i 2018 gjennomført omlag 100 enkeltanskaffingar på varer og tenester.

Kommunikasjon, digitalisering og teknologi

Den digitale utviklinga stiller nye krav til både kommunikasjonsflater og arbeidsformer. Ei prioritert oppgåve har vore å utvikle ny, funksjonell og brukartilpassa nettside for fylkeskommunen. Dette er eit omfattande arbeid, og vi tek sikte på å ta i bruk ny nettside våren 2019. I 2018 har fylkeskommunen i samarbeid med tillitsvalte vedtatt og innført nytt telefonireglement for mobiltenestetelefon, og vedtatt retningslinjer for utlevering av elektronisk utstyr. IT-prosjektet Samordna kommunikasjon er sluttført, og alle einingane i heile organisasjonen er no på same plattform. Det er og starta opp eit arbeid med framtidig IT-organisering, samt planlegging og kartlegging for å ta imot tilsette frå Statens vegvesen. Innan for digitaliseringarbeidet er prosessar ved oppstart av nye elevar gjennomført. Innføring av digitale tenester som elektronisk utsending av brev gjennom SvarUt er no på plass. Det har og vore arbeidd med å få ein enda større del av fakturabehandling over på elektronisk behandling (EHF-fakturabehandling).

Omstilling av organisasjonen Møre og Romsdal fylkeskommunen mot 2020 - forprosjekt

Prosjektet vart vedtatt av fylkestinget i desember 2017 og har som formål å tilpasse fylkeskommunen sin tenesteproduksjon og rolla som utviklingsaktør, til dei økonomiske rammeendringane som må pårekna dei komande åra. I tillegg til det økonomiske perspektivet skal omstillingsprosjektet ta opp i seg behovet for å modernisere, effektivisere og profesjonalisere den fylkeskommunale organisasjonen. I 2018 er det gjennomført ei organisasjonsanalyse som skal danne grunnlag for innretning av hovudprosjektet. Vidare er det gjort eit omfattande arbeid knytt til nye oppgåver på samferdselsområdet som følge av regionreforma.

[Les meir om prosjektet](#)

Bygg og eigedom

Møre og Romsdal fylkeskommune eig 218 590 m² bygningsmasse fordelt på 165 bygningar. I hovudsak er dette bygningsmasse knytt til vidaregåande skolar. I tillegg leiger fylkeskommunen mykje areal knytt til tenesteproduksjon innanfor kultur, utdanning, tannhelse og samferdselssektoren. Bygg- og eigedomsavdelinga har ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av den fylkeskommunale bygningsmassen. [Du kan lese meir i Bygg og eigedom sin eigen årsrapport her](#)


Dei fylkeskommunale skolebygga

Dei siste åra har det blitt gjennomført tilstandsregistreringar på dei fylkeskommunale skolebygga. Tilstandsregistreringa viser at dei fleste bygga har ein god standard, men at nokre bygg er i svært dårlig tilstand. Alle dei dårlagaste bygga ligg inne på det ti-åriga investeringsprogrammet til fylkeskommunen.

[Du kan lese meir om forvaltning av eigedomsmassen i Eigedomsstrategien](#)

Skolane med dårligast teknisk tilstandsgrad

● Skolar med areal over 1500 m²



Dei fylkeskommunale skolebygga er fordelt på tre bygningskategoriar for å sikre at vedlikehaldsmidlane blir disponert optimalt.

- A-bygg er bygg det er planlagt omfattande ombyggings- eller rehabiliteringstiltak på innan relativt kort tid.
- B-bygg er bygg vi skal behalde over tid, og derfor vil det bli gjennomført verdibevarande vedlikehald på desse bygga.
- C-bygg er bygg som skal rivast eller avhendast.

Tilstandsregistreringa viser eit vedlikehaldsbehov på ca. 229 mill. kr dei neste 5 åra, på bygg der vi skal gjennomføre verdibevarande vedlikehald.

Behov dei neste 0-5 år og 5-10 år fordelt på bygningskategori

Byggkategori	Samla VTTG	Behov 0-5 år	Behov 5-10 år	Behov samla
A	1,64	133 mill.	153, 8 mill.	286,7 mill.
B	1,12	229, 2 mill.	502, 5 mill.	731,6 mill.
C	2,18	228, 7 mill.	228, 7 mill.	337,4 mill.
Ikkje satt	0,36	300 000	300 000	600 000
Totalt	1,29	591 mill.	765,3 mill.	1,3563 mrd.
Byggkategori	Behov 0-5 år per BTA	Behov 5- 10 år per BTA	Behov samla per BTA	

Byggkategori	Samla VTTG	Behov 0-5 år	Behov 5-10 år	Behov samla
A	5 016	5 802	10 818	
B	1 391	3 050	4 441	
C	9 516	4 525	14 042	
Ikkje satt	544	593	1 137	
Totalt	2 739	3 546	6 285	

Samla vekta tilstandsgrad og teknisk oppgraderingsbehov fordelt på bygningskategori

Byggeprosjekt som er vedtatt av fylkestinget og under bygging

Kvar	Kva	Areal BTA	Totalt budsjett	Rekneskap 2018	Totalt rekneskap
Romsdal vgs	Nybygg i massivtre	12 400 m ²	520 mill. kr	38,4 mill. kr	497,2 mill. kr
Spjelkavik vgs	Tilbygg og rehabilitering	8 314 m ²	225 mill. kr	57,4 mill. kr	190,3 mill. kr
Fagerlia vgs	Nybygg	3 004 m ²	146 mill. kr	15,3 mill. kr	38,2 mill. kr


ENØK-tiltak starta i 2018

Kvar	Kva	Totalt budsjett	Rekneskap 2018
Kristiansund vgs	LED armaturar	0,45 mill. kr	0,37 mill. kr
Molde vgs	Fasaderehabilitering og etterisolering av A-bygget del 1	5,2 mill. kr	4,57 mill. kr
Molde vgs	Fasaderehabilitering og etterisolering av A-bygget del 2	3,6 mill. kr	0 mill. kr
Rauma vgs	Totalrehabilitering TIP-avdeling	6,3 mill. kr	6,3 mill. kr
Sunndal vgs	Fasaderehabilitering og etterisolering del 1	6,4 mill. kr	6,35 mill. kr
Sunndal vgs	Fasaderehabilitering og etterisolering del 2	2,0 mill. kr	1,93 mill. kr
Ulstein vgs	SD-anlegg og jordvarme	4,9 mill. kr	4,37 mill. kr

Redusert energiforbruk i skolebygga

Det har blitt gjennomført mange ENØK-tiltak på dei fylkeskommunale skolebygga. Det gjer at det totale energiforbruket har blitt redusert med 18,2 prosent (5,62 Gwh) sidan 2009.

Energiforbruk 2013-2018



Politiske møte

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt øvste politiske organ er fylkestinget.

- Det vart gjennomført fire fylkestingssamlingar i 2018. Her vart det behandla til saman 69 saker.
- Fylkesutvalet, som er fylkestinget sitt arbeidsutval, hadde 15 møte og behandla 114 saker.

I tillegg har det vore mange orienteringar frå bedrifter, organisasjonar og kompetansemiljø i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen har fire hovudutval, to plannemnader og seks rådgivande utval.

Fylkesting, fylkesutval og hovudutval

Utval	Tal på rep.	Leiar
Fylkestinget	47	Jon Aasen (Ap)
Fylkesutvalet	13	Jon Aasen (Ap)
Klagenemnda	13	Jon Aasen (Ap)
Kontrollutvalet	5	Anders Riise (H)
Kultur- og folkehelseutvalet	11	Marit N. Krogsæter (Sp)
Regional- og næringsutvalet	11	Runar Vestheim (uavh.)
Samferdselsutvalet	11	Kristin Sørheim (Sp)
Utdanningsutvalet	11	Bjarne Storfold Elde (Ap)

Rådgivande utval

Utval	Tal på rep.	Leiar
Ungdommens fylkesting	72	Urté Karanauskaité
Ungdomspanelet	9	Urté Karanauskaité
Fagskolestyret	7	Bjarne Storfold Elde (Ap)
Eldrerådet	7	Jon Skarvøy
Rådet for likestilling av funksjonshemma	9	Monica Molvær (H)
Plannemnd for byggjeprosjekt	3	Charles Tøsse (H)
Plannemnd for samferdselsutbygging	3	Frank Sve (FrP)
Yrkesopplæringsnemnda	10	Elin Ous (NHO)
Fylkestrafikktryggingsutvalet	5	Iver Nordseth (V)

Oversikt over aktivitet 2017-2018

Møte 2018	Saker 2017	Saker 2018	Utgifter 2017	Utgifter 2018

	Møte 2018	Saker 2017	Saker 2018	Utgifter 2017	Utgifter 2018
Fylkestinget	9	76	69	13798	13608
Fylkesutvalet	15	130	114	*	*
Klagenemnda	7	22	14	*	*
Kontrollutvalet	8	63	74	339	362
Kultur- og folkehelseutvalet	8	39	67	1066	944
Regional- og næringsutvalet	9	96	82	1154	1103
Samferdselsutvalet	10	71	84	1498	1588
Utdanningsutvalet	8	48	41	1118	989
Ungdommens fylkesting	3	16	13	971	1003
Ungdomspanelet	16	33	37	**	**
Fagskolestyret	6	15	20		
Eldrerådet	5	21	16	353	304
Rådet for likestilling av funksjonshemma	5	27	18	470	430
Plannemnd for byggjeprosjekt	2	19	6	389	421
Plannemnd for samferdselsutbygging	8	9	12	385	426
Yrkesopplæringsnemnda	6	15	21	187	255
Fylkestrafikktryggingsutvalet	4	14	14	340	310

Saker= ordinære saker, ikke referatsaker

Utgiftene er oppgitt i 1000 kroner

* Fylkesting + fylkesutval + godtgjersle fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre medlemmar + representasjon

** Ungdomspanelet + arrangering av Ungdommens fylkesting + Ungdomsmidlane (250 000 kr)

Vestlandsrådet


Møre og Romsdal fylkeskommune har utført sekretariatsfunksjonen for Vestlandsrådet i 2018. Vestlandsrådet består av dei fire vestlandsfylka:

- Rogaland
- Hordaland
- Sogn og Fjordane
- Møre og Romsdal

Dei fire fylka bytter på å ha ansvaret for sekretariatet. Årsrekneskapen er no avslutta, og ubrukte midlar skal overførast til neste års sekretariatsfylkeskommune. [Les meir om Vestlandsrådet her](#)

Politikarane våre

Politisk organisering



Du kan lese meir om dei ulike politiske utvala og råda på nettsida vår

Fylkesordførar Jon Aasen



Fylkesordførar Jon Aasen (Ap)

[Fylkesutvalet](#)



fv.: Iver Nordseth (V), Frank Sve (FrP), Kristin M. Sørheim (Sp), Margareth H. Berg (uavh.), Tove-Lise Torve (Ap), Gunn B. Gjerde (V), Jon Aasen (Ap), Knut Støbakke (KrF), Mette Belden (uavh.) Torgeir Dahl (H), Eva V. Aurdal (Ap), Charles Tøsse (H) og Per Vidar Kjølmoen (Ap)

Medlemmar av fylkestinget 2015-2019

Arbeiderpartiet	Høyre	Framskrittspartiet
Jon Sverre Aasen	Charles Tøsse	Frank Sve
Tove-Lise Torve	Torgeir Dahl	Geir Asle Stenseth
Per Vidar Kjølmoen	Monica Molvær	Cine Finstad Austnes
Eva Mariann Vinje Aurdal	Toril Røsand	Hans Olav Myklebust
Bjarne Storfold Elde	Syver Hanken	Knut Magne Flølo
Line Hatmosø Hoem	Bjørn Sandnes	
Sidsel Pauline Rykhus	Anders Riise	
Jack Narve Sæther	Heidi Nakken	
Lilly Gunn Nyheim	Peder Gjerstad	
Erik Kursetgjerde		
Hanne Notøy		
Mellvin Arvid Steinsvoll		
Kristeleg folkeparti	Senterpartiet	Venstre
Knut Støbakke	Kristin Marie Sørheim	Gunn Berit Gjerde
Arild Johannes Iversen	Ingunn Oldervik Golmen	Iver Nordseth

Arbeiderpartiet	Høyre	Framskrittspartiet
Randi Helga Walderhaug Frisvoll	Jan Ove Tryggestad	Frøydis Austigard
Victoria Smenes	Marit Nerås Krogsæter	
	Geir Inge Lien	
Miljøpartiet De Grønne	Sosialistisk venstreparti	Nordmørslista
John John Bruseth	Yvonne Wold	Elisabeth Jørgenvåg
Sunnmørslista	Uavhengig valliste for Sunnmøre	Uavhengige
Randi Karin Asbjørnsen	Bjarne Kvalsvik	Mette Belden
		Nils Fløystad
		Runar Vestheim
		Margareth Hoff Berg

Ung i politikken

Ungdommens fylkesting

Kvar haust blir det arrangert ungdommens fylkesting (UFT). UFT er ungdommene sitt øvste politiske organ i fylket. Dei diskuterer viktige saker som gjeld ungdom i fylket. Kvar kommune er representert med to ungdomsrepresentantar. Vedtak fatta av UFT er viktige og retningsgjevande for fylkestingspolitikarane i Møre og Romsdal fylkeskommune. Ungdommens fylkesting skal gi ungdom meir innflytelse, opplæring i kvar dei kan delta i demokratiske kanalar og bidra til å auke ungdom sitt samfunnsengasjement.

Ungdomspanelet

Under Ungdommens fylkesting blir det valt eit nytt ungdomspanel (UP). Dette er UFT sitt arbeidsutval som jobbar mellom kvart fylkesting. UFT lagar eit handlingsprogram som ungdomspanelet skal arbeide med det kommande året. Ungdomspanelet har ni faste og fem varamedlemmar.

Ungdomspanelet 2018/2019

- Urté Karanauskaité, leiar
- Ole August Iversen, nestleiar
- Thea Elise Gråberg, medlem
- Joakim Myklebost Tangen, medlem
- John Salthammer, medlem
- Hedda Haugen, medlem
- Silje Sandøy Husøy, medlem
- Ole Stensby, medlem
- Lene Vadseth Larsgård, medlem
- Sigurd Farstad, vara
- Ester Annie Brende, vara
- Jonas Skogtrø Olsen, vara
- Erica Ruiz Solhjem, vara
- Andrea Kjellstad, vara



fv.: Silje Sandøy Husøy, Lene Vadseth Larsgård, John Salthammer, Urté Karanauskaitė, Sigurd Farstad, Hedda Haugen og Erica Ruiz Solhjem. Bak f.v. Andrea Kjellstad, Joakim Myklebost Tangen, Jonas Skogtrø Olsen, Ole Stensby, Thea Elise Gråberg, Ester Annie Brende og Ole August Iversen.

Oppreisningsordningar

Fylkesrådmannen har administrert to oppreisningsordningar dei siste tre åra, begge avslutta i 2018. Totalt har oppreisningsutvalet gjennomført 12 møte i perioden. Fire av desse møta vart haldne i 2018.

Tidlegare barnevernsbarn

Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn starta opp i 2016 og varte i tre år, til og med 2018. Her er det til saman behandla 31 søknader, 7 av desse i 2018. Dette prosjektet var eit samarbeid mellom fylkeskommunen og 30 av kommunane i fylket.

Barn og unge som vart behandla for tuberkulose

Den andre ordninga er Oppreisningsordning for barn og unge som vart behandla for tuberkulose i Møre og Romsdal. Denne starta 2017 og vart avslutta i 2018. Her er det behandla til saman 20 søknader, derav 13 søknader i 2018.